



Årsrapport 2004

Innhaldsliste

Forord

0. Innleiing

1. Økonomiske rammer og administrative føringer

2. Sentrale politiske føringer

- 2.1. Samordningsoppgåver og kommuneøkonomi
- 2.2. Velferd, helse og personretta tenesteyting
- 2.3. Born, oppvekst og utdanning
- 2.4. Regional planlegging og arealpolitikk
- 2.5. Naturressursforvaltning – miljø og landbruk
- 2.6. Utvikling og verdiskaping
- 2.7. Samfunnsikkerheit og beredskap

3. Utdjupande skildring av resultatområde

- 3.1. Miljøverndepartementet. DN. SFT.
- 3.2. Landbruks- og matdepartementet
- 3.3. Barne- og familiedepartementet. Kyrkje- og kulturdepartementet.
- 3.4. Justisdepartementet. Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap.
- 3.5. Kommunal- og regionaldepartementet
- 3.6. Sosial- og helsedirektoratet
- 3.7. Utdannings- og forskingsdepartementet

Forord

Kommunikasjon

I ei tid der kommunikasjonane er betre enn nokosinne, kjem det likevel kritikk om at det er for stor avstand mellom sentrum og utkant. Vi reiser, besøker kvarandre, nyttar elektronisk kommunikasjon og heng i mobiltelefonane – men lyttar mindre enn tidlegare.

Fylkesmannen rapporterer til ei rad med departement og direktorat, men vi er også eit kommunikasjonssenter. I tillegg til å formidle sentrale føringar, skal vi melde tilbake korleis vi ser situasjonen i vårt fylke. Dersom det er synspunkt eller haldningar som dei sentrale styresmaktene bør kjenne til, skal det formidlast til overordna organ. I ordet kommunikasjon ligg det også ei forventning om at vi blir høyrde.

Gjennom åra har vi peika på utviklingstrekk som sett frå Sogn og Fjordane går feil veg: Ein fragmentert stat og ein frustrert kommunesektor. Trekk ved det nasjonale miljøvernarbeidet som konfronterer og sementerer framfor å samarbeide og utvikle. Men samstundes finn vi også område der det er god dialog. Både landbruk og utdanning er slike eksempel.

Den fragmenterte og sentrale staten saman med ei fylkeskommunal avmaktskjensle er truleg ei viktig årsak til at også region-tanken nå står på dagsorden. Staten opptrer på ulike måtar og gir stundom motstridande signal. Ein fylkesmann som mellom anna skal samordne, har knapt nokon påverknad på dette – og grepa er heller ikkje teke nasjonalt.

Vi køyrer lokale prosessar innan miljøvernarbeid der vi involverer og engasjerer. Det er slett ikkje friksjonsfrie planar eller fråsegner som blir lagt fram, dei har i seg både grunnverdiar og kompromiss. Jamvel når vi varslar om desse prosessane, blir dei i liten grad teke til følgje sentralt. Når problemstillingar som direkte påverkar fylket blir lagt fram, kan vi velje å svare strengt fagleg. Men det ligg også eit ansvar hjå oss til å leite etter gode løysingar som det kan vere von om at det blir semje kring. Ei oppsummering der det lite kan sporast at sentrale styresmakter har brydd seg verken om kommunale, fylkeskommunale eller fylkesmannen sine merknader, byggjer ikkje opp om ein god dialog.

Det er eit problem at det er i ferd med å utvikle seg ulike oppfatningar sentralt og lokalt av kva som er den faktiske situasjonen i dei einskilde fylka. I for liten grad er ein viljug til å lytte til dei signal og råd ein får. Ein bryr seg knapt om å drøfte dei.

Det avlar i neste omgang likesæle hjå avsendaren. Likesæle kan etter kvart bli eit demokratisk problem.

Kommunikasjon er ein demokratisk vinnar.

Leikanger, 24. februar 2005

Oddvar Flæte

0. Innleiing

Årsrapporten oppsummerer og vurderer resultat i høve til tildelingsbrevet frå MOD for 2004 og embedet sine planar for 2004.

I 2004 hadde vi følgjande innsatsområde i verksemdsplanen:

- effektivisering og fagleg samordning i embedet
- embedet sitt arbeid med tilstandsanalysar
- modernisering og omstilling i kommunesektoren

Det vart her organisert tverrgående embetsprosjekt som resulterte i:

- Omorganisering: Juridisk eining vart flytta frå stab til ein ny Helse-, sosial og justisavdeling. Beredskapseininga, som også låg i stab, vart flytta til ei ny Administrasjons- og beredskapsavdeling. Embedet har no fem avdelingar og ein stab på tre personar direkte under embetsleiinga. I stab sit to kommuneøkonomimedarbeidarar og ei prosjektstilling knytta til modernisering i kommunesektoren.

Ressursgjennomgangen viste at vi truleg brukar i underkant med ressursar på administrasjon, helse, barne- og familieområdet og på kommuneøkonomi/samordning, medan landbruk, miljøvern ligg i overkant av det dei ville hatt etter kriteria i den nye budsjettmodellen til MOD.

- ein tilstandsanalyse (rapport) med utvalde data for kommunane innan folketalsutvikling, sysselsetting, økonomi, tenesteyting, landbruk og miljøvern
- prosjekt i tråd med føringer frå KRD, jf omtale i kap. 2.1

Kort om viktige utviklingstrekk og utfordringar i fylket

Folketalet

I 2004 minka folketalet i Sogn og Fjordane med 213 personar. 1. jan. 2005 budde det 107.009 personar i fylket. Ikkje sidan 1992 har folketalet vore under 107.000 ved årsskiftet. Berre 8 kommunar av 26 hadde auke i folketalet i 2004, sjølv om 14 kommunar hadde fødselsoverskot. By/tettstad-kommunane Florø, Førde, Sogndal samt Gloppen stod for 88% av veksten i dei 8 kommunane som hadde vekst. Florø, den største kommunen i fylket, med 11.362 innbyggjarar, hadde ein høvesvis liten auke på 31 innbyggjarar (og ei netto utflytting på 33), medan Sogndal auka med 92, og Førde og Gloppen med hhv 50 og 52. Det var netto utflytting frå 19 av kommunane og frå fylket som heilskap (- 464 personar).

Side 6: Illustrasjon folketalsutvikling i kommunane (Kjelde: Fylkesatlas i Sogn og Fjordane)

Sysselsettinga

Arbeidsløysa var på 2,7% i fylket ved årsskiftet, Ytre Sogn hadde høgast arbeidsløyse med 4,3%. Berre Akershus og Oppland hadde lågare arbeidsløyse. Aetat skriv på sine nettsider: "Ved utgangen av desember var det 1.499 personar heilt utan arbeid i Sogn og Fjordane. Dette er ein reduksjon på 149 eller ni prosent, frå desember i fjor. – Vi har hatt ei god utvikling sidan i sommar, og situasjonen på arbeidsmarknaden no ved årsskiftet ser lysare ut enn på

lenge, seier fylkesarbeidssjef Frode Henden.” Vi må likevel hugse på at arbeidsløysestatistikken ikkje alltid viser heile sanninga. Nedgang i talet på arbeidsplassar fører i mange høve til at ein del av dei som misser jobben flyttar frå kommunen/fylket. Flora og Høyanger er nok døme på det. Folketalsutviklinga er såleis også ein viktig indikator på tilstanden på arbeidsmarknaden.

Næringsbarometeret som vert utarbeidd for Sogn og Fjordane og Hordaland viser at dei fleste bedriftene i regionen tur på ei positiv marknadsutvikling i 2005. Størst er optimismen innanfor reiseliv, shipping og verftsindustrien. Det er likevel venta låg vekst i sysselsettinga i 2005. Vi veit også at mange kommunar er inne i eller må gjennom store omstillingar i arbeidslivet. Størst er utfordringa i Årdal, der Hydro trappar ned med opptil 500 arbeidsplassar innan utgangen av 2006, men også Høyanger, Flora m.fl. har store utfordringar.

Kommuneøkonomien

13 av 26 kommunar er i ROBEK. Mange slit med store underskot som har bygd seg opp over tid, og mange også med å få budsjett og økonomoplan i balanse. Robek-kommunane får berre lån til sjølvfinansierande prosjekt og der det er gitt pålegg om utbetring frå tilsynsmyndighet. Skjønnsmidlane er i stor grad nødvendige tilskot til budsjetta for å oppretthalde eit forsvarleg tenestetilbod. Vi greidde berre å halde av 2 mill. kr til omstillingsprosjekt og liknande i 2004, 3 mill. i 2005. Denne potten burde helst vore monaleg større. Insitamenta til kommunenesamanslåingar er for svake. Dei fleste kommunane ser seg lite tente med samanslåing iflg den prosessen KS og KRD/FM no har gjennomført. Mange er innstilte på tettare samarbeid, men i praksis går dette seint. Tempoet i nødvendig lovendringar er også ein hemsko, og når attpåtil ein får beskjed om at fleire forsøk etter forsøkslova ikkje er ynskjeleg (døme: felles barnevernteneste, felles økonomisjef osb), blir dette tungvint.

Små, spreiddbygde og geografisk kompliserte kommunar kjem därleg ut i dagens inntektssystem (døme Solund og Gulen), der tenestene blir dyre pr innbyggjar. Her trengst ei justering av kriteria i systemet, eller så må skjønnspotten fylkesmannen får til fordeling aukast. Det er eit paradoks at skjønnsmidlane høvesvis aukar i folkerike strok, medan vi med reduserte midlar må bidra der det er folketalsnedgang.

Miljøvern

Det er framleis konfliktfyldt å arbeide med vernesaker i Sogn og Fjordane. I 2004 har vi konkrete døme gjennom arbeidet med Ålfotbreen LVO, edellauvskog-planen, utvida barskogvern, laksefjordar og -vassdrag. Vi prøver å få til ein god dialog og finne løysingar som flest mogleg kan akseptere. Det vert lagt ned mykje arbeid i dette. Då er det desto vanskelegare når ein på neste nivå (DN, MD) i liten grad tek omsyn til våre framlegg og innspel, men går vidare med sine opphavlege forslag. Då blir reaksjonen lett lokalt at dette med dialog er ”berre festtalar” og høyringar er ”spel for galleriet”.

Kommunar og folk flest, inkl. media, har også vanskar med å halde frå kvarandre dei mange verneplanane og prosessane, som dels går parallelt, og kven som har ansvar for kva. Fylkesmannen får ”skulda” for alt frå vassdragsvern (NVE, Stortingsvedtak) til freding av kulturminne (Riksantikvaren). Det er også ei utbreidd misoppfatning at Fylkesmannen av eige initiativ driv fram verneplanar. Vi prøver å vere gode på informasjon, men må forsterke den innsatsen endå meir. Vi må nok også erkjenne at det kan bli mange prosessar samstundes, med mange ”eigarar”, og det er forståeleg at kommunane og andre etterlyser ei heilskapleg vurdering av konsekvensar på fylkes-/regionnivå (særleg verneplan for vassdrag, laksefjordar

og –vassdrag og marin verneplan vert opplevd som omfattande og dels overlappende). Forslag om ”vernepause” har nok vesentleg sympati i dette fylket.

På den andre sida har vi gode erfaringar med prosjekt som tek utgangspunkt i samarbeid og ein arbeidsmåte ”nedanfrå og opp”. Naturbruksprosjektet (omfattar 4 bygder som ligg ved nasjonalpark/verneområde), arbeidet med verdsarvstatus i Nærøyfjorden og prosjekt Opne landskap er gode døme (sjå nærmare omtale under pkt. 3.2.). Når fagfolk innanfor miljøvern og landbruk samarbeidar med lokale interesser, får ein fruktbare resultat.

Strandsoneforvaltninga er også eit konfliktfyllt tema her i fylket .Vi har ein lang kyst og mange kommunar med mange øyar, lange fjordar, mange fjordarmar og smale ”striper” med dyrka jord og busetnad. Dei attraktive områda for busetting – både fast og til fritidsføremål – ligg ofte i sona mellom fjord/kyst og fjell. Det blir av mange lokalpolitikarar sett på som urimeleg at dei same reglane skal gjelde her som i tett folkesette områda rundt byane og på austlandet og sørlandet. Vi registrerer at retningslinjene om skjerpa strandvern står ved lag, og gjeld i heile landet, og kommuneadministrasjonane følgjer dette godt opp. Likevel får vi mange dispensasjonar og motsegner. I 2004 hadde vi 17 motsegner mot 12 i 2003. Vi er spente på utfallet av dei to sakene som pr i dag har gått til departementet.

Helsenettboden

Det tør vere kjent for departementa at det har vore store folkelege protestar mot omleggingar i spesialisthelsetenesta i fylket. Fylkeslegen har slått fast at dei endringar som er gjort ikkje stirr med krava til ei forsvarleg helseteneste. Det er likevel ein uheldig situasjon, der mange er uroa over det dei opplever som ei svekking av lokalsjukehusa. Fylkeslegen har peika på at Helseføretaket må bli flinkare til å informere om kva som er den faktiske situasjonen, og kva planar ein har framover. Status og utviklingstrekk på andre område er omtalt i kap. 2 i det følgjande.

1. Økonomiske rammer og administrative føringer

Tabell 1. Oversikt over finansiering og sektorpllassering av tal årsverk 2004

Tal årsverk	Kap. 1510	Ekstern. finans.	Totale årsverk
Leiing (fylkesmann+ass.fylkesmann+avd.dir)	6,00		6,00
Administrasjon (henta i frå tabell 2)	18,10	6,77	24,87
Fagoppgåver pr. sektor:			
Barne- og familidepartementet	2,00		2,00
Helse- og omsorgsdepartementet	6,25	1,00	7,25
Arbeids- og sosialdepartementet	3,75	3,00	6,75
Landbruksdepartementet	23,60	1,00	24,60
Miljøverndepartementet	14,85	2,00	16,85
Justis- og politidepartementet	5,50		5,50
Kommunal- og regionaldepartementet	3,55	1,00	4,55
Utdannings- og forskningsdepartementet	5,20	2,00	7,20
Kultur- og kirkedepartementet	0,00		0,00
Andre (norge.no, oppl.ten.)	13,80		13,80
Sum	102,60	16,77	119,37

Tabell 2. Oversikt over støttefunksjonar. Fordeling på fagområde

Tal årsverk	Kap. 1510	Ekstern. finans.	Totale årsverk
Administrasjonsavdelinga:			0,00
Ledelse	1,00	0,50	1,50
Arkiv	5,60		5,60
Økonomi/regnskap	1,30		1,30
IKT	3,70	4,50	8,20
Informasjon m.v.			0,00
Personal	2,00		2,00
Forværelse/post	1,85		1,85
Andre (kantine - reinhald)	2,65	1,77	4,42
Sum	18,10	6,77	24,87

Ca. 5 årsverk (i tillegg til 6,77 årsverk) er finansiert ved overheadinntekter

Tabell 3. Oversikt over enkelte aktivitetar i 2004

	Tal saker/ bilag 2003	Tal saker/ bilag 2004
Arkiv		
Tal registrert nye saker 1/1-31/12-2004	10.627	7.567
Tal dokumenter registrert 1/1-31/12-2004	25.736	25.602
Økonomi/Regnskap		
Tal rekneskapsbilag totalt 1/1-31/12-2004	11.509	13.082
Sum	47.872	46.251

Sakstal m.m. er ført inn også med førre år. Merk at tal dokument er stabilt, medan tal saker går ned som følge av Ephorte (nye saker vert no i større grad lenka inn i gamle saker)

Rekneskap

U-POST	Rekneskap pr. 31.12.04
SUM LØN OG GODTGJERSLE	39.614.727
SUM VARER OG TENESTER	19.184.216
SUM LØN OG GODTGJ./VARER OG TENESTER	58.798.943
SUM INNTEKTER	58.802.680
RESULTAT	3.737
SUM BUDSJETT	58.802.680

Det har vore stram økonomistyring i 2004, og rekneskapen for 2004 viser at embetet har gått i balanse med ei utgiftsramme på 58,8 mill. kroner.

Inntekts- og utgiftsramma for 2004 viser ein auke på ca 2,4 mill kroner i forhold til budsjett 2004.

Auken i inntekter skriv seg frå ekstratildelingar (lønsoppgjeret) og auke i sjuke- og fødselspengerefusjon i løpet av 2004.

På utgiftssida er det auke i lønsutgifter som følgje av lønsoppgjeret, større investeringar i maskiner, inventar, utstyr og anna driftsmateriell enn forventa samt auke i kjøp av tenester i samband med bygging av nytt hus.

Likestilling

Vi viser til resultatområde 3.8. når det gjeld interne tiltak.

Eksternt er vi medverkande i eit NHO-program for å få fleire kvinner inn i styra i bedriftene.

Brukundersøking

Resultata frå brukundersøkinga 2003 er formidla til alle kommunar og drøfta i kommunekonferansar. Vi vidarefører arbeidet gjennom eit eige embetsprosjekt kalla ”Kommunedialogen”, som omfattar samordning av kommunikasjon/signal, samordning av tilsyn, tilstandsanalyser m.v.

Grøn stat

Prinsippa vert innført i 2005.

Geografiske informasjonssystem

Vår administrasjonssjef er leiar av MOD sitt GIS-forum. Vi samarbeider med fylkeskommunen om ei GIS-stilling og har i fellesskap utarbeidd eit fylkesatlas (sjå <http://fylkesatlas.no/>). I 2005 har vi eit embetsprosjekt for intern opplæring i og bruk av dette verktøyet i sakbehandlinga.

2. Sentrale politiske føringer

2.1 Samordningsoppgåver og kommuneøkonomi

Det er ei stor utfordring å samordne oppgåver og aktivitet i høve til kommunane, både internt i embedet og ikkje minst i mellom dei mange og ulike statlege etatane, som for ein del er organisert i ulike regionar. Vi har ei statleg leiargruppe i fylket som møtest to gonger i året, der 15 statlege etatsjefar i tillegg til fylkesmannen er medlemmer. I tillegg har vi faste samrådsmøte med Fiskeridirektoratet og Mattilsynet.

Det har vore retta stor merksemd og brukt mykje ressursar på kommuneretta verksemde i 2004. Sogn og Fjordane hadde i starten av 2004 16 kommunar inne i ROBEK. Tre kommunar vart utmelde i løpet av året. Men ein ROBEK-andel på 50 % tilseier eit stort behov for oppfølging og støtte i arbeidet med omstilling. Arbeidet med omstilling og modernisering i kommunesektoren har vore eit av embetsprosjekta våre i 2004, og har lagt vekt på oppfølging, rettleiing og formidling, etablering av kommunale læringsnettverk og støtte til kommunale omstillingsprosjekt gjennom skjønsmidlane.

Fylkesmannen utarbeidde i fjor ein tilstandsanalyse for kommunane i Sogn og Fjordane. Som syner status og utviklingstrekk for grunnleggjande kommunale tenester og tilhøve. Tilstandsanalysen vart presentert og utdelt på KS sin haustkonferanse, og vi har fått svært positive tilbakemeldingar frå kommunane på dette arbeidet. Arbeidet med tilstandsanalyse vil bli vidareført i 2005, supplert med eigne kommunebilete som går djupare inn i tema og utfordringar som er relevante for den enkelte kommune.

Vi har etablert prosjektet Ny forvaltning – Interaktiv saksbehandling mellom forvaltningsnivå og næringsliv/publikum. Prosjektet er støtta av HØYKOM. Eit av delprosjekta handlar om å prøve ut sikker elektronisk dokumentutveksling og digital signatur mellom Fylkesmannen og kommunane. Eid, Hornindal og Stryn er pilotkommunar. Frå hausten 2005 vert fleire kommunar fasa inn i prosjektet.

I 2004 gjennomførte vi åtte felles kommunebesøk, der vi møter politisk og administrativ leiing i kommunane. I desse besøka deltek fylkesmannen eller assisterande fylkesmann, til vanleg ein av økonomirådgjevarane og leiarar frå fagavdelingane ut frå kva tema som vert drøfta. Dagsordenen vert sett i samarbeid mellom Fylkesmannen og kommunen. Vi har som mål å besøke alle kommunane i løpet av ein valperiode. Desse besøka er ein viktig arena for dialog mellom Fylkesmannen og kommunane.

Fylkesmannen arrangerte ein 2-dagars konferanse for alle kommunane i samband med kommuneproposisjonen, og bidrog med innlegg på KS sin haustkonferanse i samband med statsbudsjettet. Vi arrangerte ei todagars samling for alle rådmenn i november med fokus på omstilling. I tillegg har fagavdelingane hatt ulike konferansar og fagsamlingar, opplæringstiltak og nettverksmøte. Desse er nærmere omtala i pkt. 3.

Internt har vi eit tilsynsforum med deltakarar frå avdelingar med tilsynsoppgåver. Forumet er leia av fylkeslegen og skal samordne alle embedet sine tilsyn overfor kommunane så langt mogleg i tid og metodikk. Alle tilsynsrapportar vert lagt ut på ein felles nettstad. Mattilsynet

og Arbeidsmiljøtilsynet vert invitert til nettverkssamlingar og til å bruke felles aktivitetskalender og nettstad.

Vi samarbeidar med fylkeskommunen i fylkesplanarbeidet og i diverse prosjekt. Fylkesmannen og assisterande fylkesmann har jamlege møte med fylkesordførar og fylkesrådmann. Assisterande fylkesmann er deltakar i arbeidsutvalet for Fylkesplanforum. Pr i dag deltek vi i arbeidsgrupper på fire innsatsområde i fylkesplanen 2005-08 (ungdom, småskala næringar/ bruk og vern, folkehelse, folkestyre/off.verksemd/region). Det er stor aktivitet knytt til regionalisering. Fylkestinga i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane har vedtatt å greie ut føresetnadane for ein Vestlandregion innan juni d.å. Fylkestinga skal handsame resultatet i desember.

2.2 Velferd, helse og personretta tenesteyting

Fylkesmannen og Helsetilsynet i Sogn og Fjordane har gjennomført tilsyn med helse- og sosialtenestene i fylket i samsvar med oppdragsbrev frå Statens helsetilsyn. Samordning har skjedd ved at tilsyna er gjennomført etter ein oppsett årleg tilsynsplan. Det er vidare gjennomført felles tilsyn med helse- og sosialtenestene til heimebuande eldre i fire kommunar utan praktiske samordningsvanskar. Tilsyna er nærmere skildra i eigen artikkel i helse- og sosialmeldinga for 2004.

Når det gjeld tiltak på området til Sosial- og helsedirektoratet, vert det vist til vedlagte utfylte rapporteringsskjema til direktoratet. Når det gjeld ulike tiltak i høve tiltaksplanen mot fattigdom, opptrappingsplanen for psykisk helse og rekrutteringsplanen for helse- og sosialpersonell har Sosial- og helsedirektoratet bede om særskilte rapporteringar med litt ulike tidsfristar.

Innanfor rusomsorga er det gjennomført eit forbettingsprosjekt med fire deltagande kommunar: "Forbettingsarbeid innan tilbodet til tunge rusmiddelmisbrukarar". Resultata frå prosjektet er formidla til dei andre kommunane i fylket på leiarsamling for helse- og sosialleiarar i kommunane. Prosjektet er nærmere omtalt i eigen artikkel i helse- og sosialmeldinga for 2004.

Saksbehandlingstida på klagesaker etter sosialtenestelova var i 3. tertial i gjennomsnitt 32 dagar. Det er ein vesentleg nedgang frå same tertial året før. Berre fire andre embete har same eller kortare saksbehandlingstid.

2.3 Born, oppvekst og utdanning

Barnehagedekkinga i Sogn og Fjordane er blant dei beste i landet, med slike dekkingsgradar ved utgangen av 2004: 1-åringar 34,9%, 2-åringar 59,8%, 3-åringar 87,1%, 4-åringar 92,3%, 5-åringar 94,5%. Samla var det 5270 barn i barnehage i fylket.

Det nasjonale målet for 2004 var 12 000 nye barnehageplassar. Ut frå folketalet burde Sogn og Fjordane stå for ca. 2,5% av dette, dvs ca 300. På trass av ei fysisk utbygging med nye plassar, vart det færre barn samla i løpet av året. Forklaringa på det er at mange barn gjekk over frå deltidsplass til heiltidsplass.

Kommunane rapporterte i august månad på om dei hadde tilstrekkeleg tal plassar ved barnehageopptaket. 19 kommunar rapporterte positivt på dette. Ved utgangen av 2004 rapporterer kommunane om planar for utbygging av ca 200 nye plassar i løpet av 2005. Dette vil venteleg gje tilnærma full barnehagedekning.

Det er drive eit omfattande informasjonsarbeid gjennom møteverksemd og direktekontakt med den einskilde kommunen. Viktige møteplassar er strategiorganet Forum for skole- og barnehageutvikling (der det medlemmane er representantar for KS, kommunane, fylkeskommunen, høgskulen, Utdanningsforbundet og Fylkesmannen) og fellesmøtet for alle kommunane – Skule- og barnehagemøtet. Begge desse organa møtest 4 gonger per år. Barnehagane vart for nokre år sidan tekne med i dei nettbaserte basane som vart oppretta for grunnskulen for 8 år sidan. Sjå www.fylkesmannen.no/sfj/utdanning og peik på Kompetansekatologen.

Fylkesmannen gjev omfattande rettleiing til skuleeigar og til andre som søker kunnskap om m.a. rettar og plikter.

I samsvar med oppdragsbrevet vart det ført tilsyn i tre kommunar etter Opplæringslova §§ 2-15, 4A-1, 5-1, 8-2, 9a, og forskrifta §2-1. Funna er nærmere omtalt under resultatområde nr. 31.

På barnevernsområdet er det sendt eigen årsrapport til Barne- og familiedepartementet (BFD). Fylkesmannen har i 2004 gjennomført forvaltingstilsyn i tre kommunar i samsvar med føringane frå BFD. Det vart gitt 11 avvik og ein merknad. Vidare er det ført tilsyn med 10 einingar i 2004; 3 fylkeskommunale og 7 private tiltak. Måloppnåinga er 100%. Vi har i tillegg gjennomført systemrevisjon med alle barnevernsinstitusjonane i samsvar med føringane frå BFD.

Fylkesmannen har gjennomført opplæringskurs for tilsynsførarar. Vi har også gjennomført opplæring for tilsette i barnevernet og private og statlege institusjonar med tema tiltaksplanar, plan for barn under omsorg og oppfølging av fosterheimar. Vi har også gjennomført konferanse for tilsette i barnevernstenesta i samarbeid med BFD som omhandla riksrevisjonen sin rapport – oppfølging av barn som er plassert utanfor heimen.

2.4 Regional planlegging og arealpolitikk

Fylkesmannen har i 2004 handsama om lag 500 saker etter plan- og bygningslova. Vi har i denne perioden nytta motsegn mot 17 planutkast og påklaga 6 saker, av desse 4 som gjeld dispensasjonsvedtak frå § 17-2. Dei aller fleste motsegnene og klagene gjeld tiltak i strandsona.

Vi formidlar aktivt nasjonal arealpolitikk, og nyttar motsegner og klager mot ”dei verste” tilfella. Dei fleste konflikttema vert avklart gjennom synfaring og eventuelt mekling. Fylkesmannen v/miljøvernnavdelinga har ikkje hatt ei motsegnssak til avgjerd i Miljøverndepartementet sidan 1997. Det ligg an til at fleire saker frå Sogn og Fjordane i 1.halvår 2005 kan få si endelege avgjerd i Miljøverndepartementet, m.a. reguleringsplan for Kaldakari helikopterlandingsplass m.v. i Luster, konseptet ”flytande hytter” i kommuneplanen for Bremanger, reguleringsplan for veg til Kyrkjeøyna på Rutletangane i Gulen og ein reguleringsplan for hytter og konferansesenter på fire ubebygde øyar og holmar sør for Sandøyna på Bulandet i Askvoll. Alle saker som – etter miljøvernnavdelinga sitt syn – bør avgjerast på politisk nivå i Miljøverdepartementet.

Vi fokuserer også på å formidle gode planprinsipp på fagsamlingar og i samband med kommunebesøk. Dei rikspolitiske retningslinjene vert aktivt nyttar ved formidling av nasjonal arealpolitikk, likeeins miljødata som i stor grad er allment tilgjengelege over Internett

(Miljøstatus, Fylkesatlas og fylkesmannen.no). Vidare brukar vi fylkesplanen sine signal og retningsliner aktivt når vi gjer innspel til plan- og dispensasjonssakene.

Fylkesmannen deltek aktivt i fylkesplanarbeidet 2005-08. Vi har deltakarar i 4 arbeidsgrupper på innsatsområda ungdom, folkehelse, småskala næringer/bruk og vern og folkestyre/medverknad/offentleg verksemrd. Ass. fylkesmann er medlem av arbeidsutvalet for fylkesplanarbeidet, saman med fylkesrådmann og KS-leiar i fylket. Vi inngår partnarskapsavtalar og brukar t.d. folkehelsemidlar og bygdeutviklingsmidlar inn i fellesprosjekt med fylkeskommunen og andre aktørar i fylket. Dette har vi gode erfaringar med.

Fylkesmannen er aktive deltakarar i Planforum. Dette er ein nytig møteplass for kommunar med planutkast, fylkeskommune og regionale sektorstyresmakter.

Saksbehandlingstida på klagesaker etter plan- og bygningslova var i 3. tertial i gjennomsnitt på 77 dagar, mot 102 dagar i same tertial året før. Berre fem embete hadde kortare saksbehandlingstid.

348 dekar dyrka og dyrkbar i fylket er frådelt/omdisponert etter jordlova i 2004, og om lag same arealstorleik er godkjent for nydyrkning. I tillegg kjem omdisponering i samband med plansaker.

Både Fylkesmannen og fylkeslandbruksstyret var representerte på den store nasjonale konferansen "Kampen om arealene" i Stavanger. Temaet landskap og matjordforvaltning har vi som oppfølging av konferansen teke opp både i fylkeslandbruksstyret, på kommunebesøk og på konferanse for landbruksforvaltninga i kommunane. Dei visuelle hjelpebilda (DVD og Biletspel) er tekne i bruk. Det er planlagt vidare oppfølging i form av fire regionsamlingar for ordførarar, rådmenn, landbruks- og arealforvaltarar våren 2005.

2.5 Naturressursforvaltning – miljø og landbruk

Det har også dette året vore stor innsats knytt til gjennomføring av nasjonalparkplanen og slutføring av dei fylkesvise verneplanane. Verneplanen for myr (20 lokalitetar) er vedteken. Fylkesmannen har gitt si tilråding når det gjeld vidareføring av verneplan for Ålfotbreområdet. Fylkesmannen si primære tilråding er at verneplanen ikkje vert fremja vidare. Det vart i samarbeid med fylkesmannen i Oppland starta opp førebuingar til verneplan for Breheimen-Mørkrisdalen. Verneplanen for edellauvskog vart sendt til DN for fagleg godkjenning. Vi har brukt rådgjevande referansegrupper aktivt i verneplanarbeidet.

Verneplanarbeid etter naturvernlova har framleis stor fokus hos fylkesmannen, og det er eit godt samspel mellom dette arbeidet og eit eige naturbruksprosjekt. Sjå elles kommentarane i kap. 1 om utfordringar i fylket når det gjeld naturvern.

Vi er godt førebudd med tanke på bekjemping av Gyrodactylus salaris i Lærdalselva i 2005 dersom det vert løyvd tilstrekkelege ressursar til dette.

Vi har prioritert arbeidet med å få systematisert kartlegginga biologisk mangfald i kommunane – inkludert hjelpe til digitalisering av områda.

Tilsyn mot ureining er framleis ei prioritert arbeidsoppgåve. Vi vil med noverande ressursar kunne nytte inntil 5 personar på aksjonsretta tilsyn. Ressursane vart retta mot dei

landsomfemnande kontrollaksjonane i 2004. Kommunalt avløp og arbeid innan kommunen sitt miljøansvar er prioritert ned.

Fylkesmannen har lagt ned mykje arbeid på kulturlandskapsutfordringane i 2004. Saman med andre aktørar har vi utarbeidd Regionalt miljøprogram der kulturlandskapet er eit sentralt tema. Vi har motteke mange positive tilbakemeldingar på programmet. Alle kommunar har utarbeidd tiltaksstrategiar for bruk av SMIL-midlar og mange melder om positivt samspel med næringsorganisasjonane og eit godt politisk engasjement.

I 2004 har fylkesmannen hatt heiltidstilsett prosjektleiar som har arbeidd med forprosjektet ”Kulturlandskap og attgroing”. I samarbeid med Vegvesenet er det i prosjektet utført forsøk med utsiktsrydding langs nasjonale turistvegar. Samarbeidet held fram og vi er klar for å gå i gang med eit treårig hovudprosjekt med nemninga ”Opne landskap”. Med dagens utvikling mot langt færre, større og meir rasjonelle gardsbruk, er utfordringane knytt til å halda ope kulturlandskapet svært store i eit fylke som vårt. Samtidig er dei eit veksande politisk og ålment fokus på problema ”grøne tunnelar” og attgrodde landskap.

2.6 Utvikling og verdiskaping

BU-midlane er den viktigaste reiskapen vår med tanke på nyskaping og samhandling i den regionale partnarskapen. Søknadspågangen er stor, og midlane vart i 2004 fordelt på 72 søknader. 42 % av midlane er brukt til prosjekt som inngår i fylkesplanen. 46 % av samla tilskot har gått til tiltak som inneber nyskaping/innovasjon. Detaljert rapport er sendt til Innovasjon Norge.

Verdiskapingsprogrammet for mat har aukande effekt i fylket vårt. Dette skuldast mellom anna den mobilisering vi skapte i samband ”Jeg fant, jeg fant”. 34 deltagarar frå 18 prosjekt møtte på samlinga (den fjerde) i 2004. Samla er det i år innvilga nærmare 5 mill. frå matprogrammet fordelt på 20 prosjekt i fylket vårt. 20-30 matprodusentar frå fylket vårt deltek på *Bondens marked* i Bergen, og har no også innarbeidd seg med faste dagar i Førde. Frå vår side har vi lagt mykje arbeid i oppbygging av sjølvdrivne interesseorganisasjonar for gardsmat og bygdeturisme. Når det på nyåret i 2005 vert skipa NBG-Vestlandet for Hordaland og Sogn og Fjordane, er det vårt fylke som har tyngda av medlemane. Verdiskapingsprogrammet for skog og satsing på bioenergi har så langt ikkje fått same respons i fylket vårt.

Inn på tunet/Grøn omsorg er næringar i vekst og tilbydarane har etablert seg som nettverksorganisasjon. Fylkesmannen spelar ein aktiv pådrivar- og rådgjevingsrolle, og rundt 50 bruk i fylket har i dag tilbod på dette området.

Prøveprosjektet vårt med Kompetansestover (mininæringshagar) i bygdene synest å ha vore vellukka. Meir enn 40 bedrifter og nærmare 100 kunnskapsintensive arbeidsplassar er lokaliserte til dei 6 kompetansestovene. Prosjektet er no under ekstern evaluering. Når denne ligg føre vil vi vurdera vidare satsing på dette området. Fylkesmannen har i mange år vore aktive i oppbygginga av bærproduksjonen i fylket. Både bringebærproduksjonen og morellproduksjonen er i monaleg vekst. Den store utfordringa for bringebærproduksjonen er no å utnytta potensialet på konsummarknaden. For morellproduksjonen ligg potensialet i å auka eksportkvantumet som i år var ca 50 tonn godt betalte kvalitetsbær frå fylket vårt.

Arbeidet vårt med Bygdeutviklingsprogrammet og Naturbruksprosjektet legg vekt på lokalsamfunnsutvikling, næringsutvikling og entreprenørskap, og gjev både direkte og indirekte resultat i form av innovasjon og nyskaping i mange bygder.

2.7 Samfunnsikkerheit og beredskap

Fylkesmannen har i 2004 lagt vekt på å ha mykje kontakt med leiinga i kommunane både gjennom planlagde tilsyn og øvingar, men også gjennom deltaking på ulike konferansar og gjennom rådgiving og motivasjon.

Vi har til saman øvd 9 kommunar i krisehandtering. I tillegg har vi gjennomført fleire varslingsøvingar både over e-post, telefaks og telefon. På 7 av dei ordinære kommuneøvingane testa vi berre kriseleriinga i kommunane, og her nyttja vi høvet til å trena på tema som krisinformasjon, informasjonsplanlegging og rolleavklaring. Øvingane vart gjennomførte som ein kombinasjon av intervju med nøkkelpersonar, undervisning, debatt og diskusjonsøvingar. Både vi og deltakarane var svært nøgde med oppleget. Ved å øve berre kriseleriinga i kommunen får vi meir tid til å fokusere på og øve på dei viktige og vanskelege tema. Men evalueringa sa oss også at slike øvingar må fylgjast opp med å øve kriseleriing og krisestab samla.

Vi har hatt ordinære tilsyn i 6 kommunar i 2004, og på desse tilsyna har vi i hovudsak retta fokus mot dei same tema som på kommuneøvingane.

Hovudtema på møte i fylkesberedskapsrådet var ei vidareføring av drøftingane omkring kraftforsyning og kraftforsyningskrisa vinteren 2002/2003. M.a. vart det drøfta dei tiltak og planar som er eller skal iverksetjast for å minske faren for ei liknande kraftkrise i framtida.

Mot slutten av året opplevde fylket vårt fleire periodar med svært dårlig vær, og i romjula måtte vi takle konsekvensane av foldbølgjekatastrofa i Asia. Dette var hendingar som førte til at både vi, kommunane og politi/redning fekk trenar og kontrollert varslingsrutinane våre. Vi har fått stadfestat ved fleire høve at vi i Sogn og Fjordane har kompetente organisasjonar og ei trenar kriseleriing som er i stand til å takle ekstraordinære hendingar.

10 kommunar har enno ikkje ferdig plan for helsemessig og sosial beredskap. Dei har frist til 1.2.05 frå Statens helsetilsyn. Kommunane vil bli følgt opp vidare. Helse Vest har laga ein overordna tempoplan for implementering av beredskapsplanar i helseføretaka. Helse Førde vil bli følgt opp vidare i høve dette, og i den grad det er formålsteneleg vil vi koordinere oppfølginga med dei andre embeta i helseregionen.

3. Utdjupande skildring av resultatområda

3.1 Miljøverndepartementet. DN. SFT.

Fylkesmannen gjennomførte sakshandsamingskurs i plan- og bygningsrett for kommunane hausten 2003. Det var derfor ikke gjennomført tilsvarende kurs i 2004. Vi vurderer å følgje dette arbeidet opp med nye sakshandsamingskurs i 2005 eller 2006.

Embetsoppdraget fra DN og SFT er så omfattende og detaljerte, også m.o.t. rapportering, at det ligg ved som eit eige vedlegg til denne årsrapporten, med eiga innhaldsliste. På dette området er det også krav om halvårsrapportering. Vi oppmodar MOD om å arbeide for å harmonisere detaljgraden i styringssignal og rapporteringskrav departementa imellom.

Sjå VEDLEGG 1

3.2 Landbruks- og matdepartementet

Resultatområde 21 - Landbruksbasert næringsutvikling

21.1 Jordbruk

Vi held vår relative del av matproduksjonen i Noreg på storfe, sau og geit, men med litt nedgang på kraftforbaserte produksjonar. Vi oppdaga ikke brot på husdyrkonsesjonslova i 2004. I samarbeid med næringa finansierte vi eit eige *Mjølkeprosjekt* med fokus på samarbeid, samdrift og modernisering av driftsbygningane. Prosjektet fekk gledeleg stor interesse blant produsentane og førte til planlegging av mange nye større samdrifter.

Vi hadde eit godt samarbeid både internt i embetet og med næringa gjennom Rovviltutvalet.

Vi fekk ikke ekstra midlar til rovviltskompensasjon frå LMD, men midlar frå MD/DN til Rovviltutvalet og til nokre førebyggjande tiltak.

Det skjer ei strukturendring og effektivisering innan frukt og bær, med færre bruk og større areal, men det totale produksjonsvolumet held same nivå. Vi har ei gledeleg utvikling innan morellproduksjonen med ein auke frå ca 35 til 55 tonn bær, og siste året hadde nesten 80 % av bæra slik kvalitet at dei kunne eksporterast. Dette er langt betre enn dei andre morellområda i landet. Bakgrunnen for dette er ei målretta satsing på kvalitet i heile produksjonskjeda frå hagen til forbrukar.

21.2 Skogbruk

Vi har eit godt samarbeid med Skogeigarlaget for å gjennomføre skogpolitikken og utnytte skog- og utmarksressursane. Den registrerte hogsten gjennom offisielle omsetjingskanalar auka med ca 15 % til ca 60 000 m³. I tillegg blir det truleg omsett ca 50 000 m³ til ved, men vi har ikke fått noko større nyanlegg for anna bioenergi. Skogbruket blir stadig meir profesjonalisert og entreprenørar står for kring 75 % av hogsten. I 2004 var vi sterkt involvert i utprøving av meir effektivt taubaneutstyr for å kunne hogge kulturskog i brattlendt areal. Forsøket var svært vellukka og utstyret er no i permanent drift i regi av private entreprenørar og samarbeid med skogeigarlaget.

Omfanget av planting og skogkultur gjekk ned i 2004, særleg nyplanting. Siste åra har areal med nyplanting vore mindre enn det avverka arealet, noko som gir grunnlag for uro med tanke på den langsiktige verknaden på skogressursen. Forvaltningsarbeidet med midlane til

nærings- og miljøtiltak i skogbruket gjekk tilfredsstillande, sjølv om det kom seint i gang i kommunane fordi mange først ville gjennomføre strategiarbeidet. Det er stor etterspurnad etter midlar til skogsvegar og kommunane prioriterer vregar til kulturskogen. Regelen om at maksimalt 50 % av skogmidlane skal nyttast til veganlegg, er vanskeleg å oppfylle. Det vart sendt eigen rapport på forvaltninga til SLF 01.12.04 og 01.02.05.

21.3 Bygde- og næringsutvikling

BU-midlane vart forvalta på grunnlag av ein felles strategi saman med Innovasjon Norge frå januar 2004. Hausten 2004 utarbeidde vi ein ny samla strategi for landbruksrelatert næringsutvikling, godkjent av Innovasjon Norge i desember.

Fylkesmannen har i 2004 støtta 72 prosjekt og tiltak med tilskot frå BU-midlane med ca 5 mill kr. 42 prosent av tilskotssummen gjeld prosjekt med tilknyting til fylkesplanen 2001-2004. Flest saker (35 %) og mest tilskot (47 %) gjeld det prioriterte tiltaksområdet *Tilrettelegging og utvikling i landbruket*. Midlane er forvalta etter drøftingsmøte med faglaga. Vi viser elles til rapport til SLF 01.02.05.

Vi har eit godt samarbeid med fylkeskommunen og hadde ansvaret for eit eige programområde i fylkesplanen: *Program landbruk og bygdeutvikling*. Vi deltok også aktivt i arbeidet med ny fylkesplan 2005 – 2008 og har fått sekretariatsansvar for eit satsingsområde innan småskala næringar, bygdeutvikling og brukvern.

Vi har hatt god kontakt med det nyopprettet Mattilsynet, både på leiarnivå og ved eigne arbeidsmøte mellom sakshandsamarar innan husdyr, lokal matproduksjon og plantevern. Vi etablerte årlege arbeidsmøte med erfaringsutvekslinger.

Det vart etablert eit eige nettverk for bedrifter med tilbod innan grøn omsorg og vi har i startfasen bidrege med faglege råd og utviklingsmidlar.

21.4 Verdiskapingsprogramma

Vi har eit godt samarbeid med Innovasjon Norge, jamfør også det generelle arbeidet med bygde- og næringsutvikling. Konkret skjer samarbeidet gjennom felles strategi, samarbeid om informasjonsmøte for kommunane, dagleg kontakt og årlege oppfølgingsmøte der vi både ser bakover og framover. Vi har i fellesskap følgt opp deltakarane i etablerartilboden ”Jeg fant, jeg fant” der det var relativ god deltaking frå vårt fylke, og arbeida med nye marknadskanalar som til dømes *Bondens marknad*. På matområdet synest dette arbeidet å gå sakte og sikkert mot betre tilbod og lønsemd, medan vi innan skog og bioenergi ikkje har fått same respons enno. Derimot er det gjort mykje godt arbeid i regi av næringa og grunneigarane når det gjeld auka utnytting av utmarka. Det er gode prosessar på gang med organisering av grunneigarlag og større jaktområde, noko som er ein føresetnad for auka bruk av denne fellesressursen til næringsutvikling.

Resultatområde 22- Miljøtiltak i landbruket

22.1 Kulturlandskap, biologisk mangfold m.m.

Både kommunane og vi på fylkesnivå har prioritert kulturlandskap i miljøstrategiane. I dette ligg både det historiske kulturlandskapet, kulturminner, nyare kulturlandskap, biologisk mangfold, og tilgjenge for ålmenta gjennom rydding langs stiar og vregar. Det var gode prosessar og samarbeid mellom forvaltninga, næringa, fagmiljøa og miljøinteressene i samband med strategiarbeidet. Her i fylket starta vi samstundes opp eit forprosjekt innan

Kulturlandskap og attgroing som dreg opp samanhengane mellom kulturlandskap, landbruk, reiseliv og lokalsamfunn. Vi kopla dette nært saman med arbeidet med RMP. Forprosjektet blir ført vidare i eit hovudprosjekt kalla *Opne landskap* med vekt på å redusere attgroinga av kulturlandskapet og tiltak langs vegane for auke utsikta.

22.2 Tiltak for å redusere forureining

Det er kommunane som har forvaltningsansvaret for diverse forskrifter om ureining, og vår rolle er fagleg hjelp og oppfølging av kommunane. Vi går ut med faglege råd og påminningar til kommunane, og ber om årleg rapport på kva kontrolltiltak og praksis dei har hatt med til dømes dispensasjon frå reglane om gjødselspreiing og silopressaft. Tilbakemeldingane tyder på at brukarane i all hovudsak etterlever regelverket, men det er trong for oppfølging og påminning. Det er truleg rom for meir regionalt tilpassa regelverk for husdyrgjødsel, for slik klima utviklar seg varer vekstsesongen langt forbi 1. september og svært mange får dispensasjon fram til 15.09. Ved å utsetje den generelle spreiefristen til 15.09. kan kommunane konsentrere kontroll og oppfølging til dei mest prioriterte områda og vanskelegaste sakene.

22.3 Miljøprogram og miljøplan

Vårt forslag til regionalt miljøprogram vart sendt til SLF innan fristen og godkjent 17.12.04. Vi la hovudvekt på kulturlandskap og fekk så godt som samrøystes tilslutnad til det. Vi hadde ei arbeidsgruppe med representantar frå faglaga, kommunane og fylkesmannen, og hadde undervegs god kontakt med både politisk og administrativt nivå i fylkeskommunen. Vi vurderer arbeidet med miljøplan som vellukka, om lag 90 % av dei som søkte produksjonstilskot hadde miljøplan trinn I. Vi hadde eit godt samarbeid med forsøksringane om informasjon og opplæring. Vi har dessverre ikkje digitale markslagskart for meir enn halvparten av fylket, så ein del av kartgrunnlaget er derfor forelda.

22.4 Økologisk landbruk

Tal brukarar som har lagt om til økologisk landbruk har stagnert i underkant av 200 bruk, dvs under 5 %. Vi trur forklaringa er knytt til noko rigide krav for økologisk sauehald, og delvis manglande respons i marknaden for økologiske husdyrprodukt. Det er derimot positiv utvikling innan økologisk frukt og bær der eit eige pilotprosjekt gir auka kunnskap og interesse. Her synest det også vere lettare tilgang og betre respons i marknaden. Dei tildelte midlane på kr 300 000,- til økologisk landbruk blir nytta i samsvar med handlingsplanen, og ein stor del blir kanalisert gjennom Oikos slik at næringa sjølv kan fremje arbeidet. Vi viser til eigen rapport til SLF datert 31.01.05.

22.5 Tre og miljø

Vi har prioritert miljøregistrering i skogbruket (MiS) i samband med skogbruksplanlegginga, men det står framleis att 11 kommunar. Redsuerte løyvingar kan gjere det vanskeleg å gjennomføre dette i samsvar med framdriftsplanen innan 2012.

Skogeigarlaget som er ein dominerande aktør i skogbruket, har godkjent ISO-sertifisering frå juni 2001, og vi har generelt inntrykk av at miljøomsynet blir teke rimeleg godt vare på i drifta. Vi har tre vegsaker som har vore omdiskutert på grunn av miljøinteresser og derfor påklaga til Fylkeslandbruksstyret. Interessentane har fått byggjeløyve på visse vilkår og etter vår vurdering med ei balansert løysing mellom nærings- og miljøinteresser. Arbeidet med supplering av verneplan for barskog starta opp i 2004, og vi er involvert i arbeidet gjennom samarbeid med Miljøvernavdelinga som sit med ansvaret.

Resultatområde 23 - Ressurs- og eigedomspolitikk

23.1 Samfunnsplanlegging

Fylkesmannen med representantar både frå miljøvern og landbruk er aktive deltagarar i Planforum, ein nyttig møteplass for kommunar med planutkast og for regionale sektorstyresmakter. Landbruksavdelinga deltek dessutan aktivt i Geovekstsamarbeidet. I 2004 har vi gått inn i to nye prosjekt i Hyllestad og Naustdal. I tillegg har vi vore med og sluttfinansiert prosjekta i Gulen, Floppen, Askvoll, Vik, Leikanger og Gauldalen. Den øyremerkte summen frå LD er altfor liten til å dekka behovet. Det er stor utfordring å skaffa nok midlar til dette arbeidet. Parten Landbruk fungerer tilfredsstillande.

Saman med fylkeskommunen har fylkesmannen etablert eit nyttig verktøy, kalla Fylkesatlas, på internett. Utfordringa vert no å marknadsføra og bruka dette verktøyet i dagleg arbeid. Dette vil bli gjort i form av eit eige embetsprosjekt i 2005.

23.2 Eigedomspolitikk

Som eitt av tre prøvefylke har kommunane i vårt fylke i fleire år hatt erfaring med dei juridiske verkemidlane knytta til eigedomspolitikken i landbruket. Etter vår vurdering går dette greitt, men spørsmåla til fylkesmannen er framleis mange. Det er difor viktig at vi har nødvendig landbruksretta juridisk kompetanse i embetet. Detaljert rapport er i rett tid sendt til SLF.

23.3 Jordvern

348 dekar dyrka og dyrkbar i fylket er frådelt/omdisponert etter jordlova i 2004, og om lag same arealstorleik er godkjent for nydyrkning. I tillegg kjem omdisponering i samband med plansaker.

Både fylkesmannen og fylkeslandbruksstyret var representerte på den store nasjonale konferansen ”Kampen om arealene” i Stavanger. Temaet landskap og matjordforvaltning har vi som oppfølging av konferansen teke opp både i fylkeslandbruksstyret, på kommunebesøk og på konferanse for landbruksforvaltninga i kommunane. Dei visuelle hjelpebilda (DVD og Biletspel) er tekne i bruk. Det er planlagt vidare oppfølging med regionsamlingar for ordførarar, rådmenn, landbruks- og arealforvaltarar våren 2005.

Resultatområde 24 - Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

Produksjonstilskot

Mesteparten av arbeidet vårt har samanheng med tilskot til husdyr, og areal- og kulturlandskapstilskot. I 2004 har det vore mest spørsmål omkring desse tema:

- Registrering av foretak, med tilknyting til bedrift i landbruksregisteret
- Tilskot til lammeslakt – dispensasjoner
- Økologisk produksjon – for mykje utbetailt tilskot og sein rapport om økologisk drift.
- Driftstilskot til grøntproduksjon – dispensasjoner
- Dispensasjoner frå grensa på kr 30 000,-

I 2004 var første året der vi brukte Internettbasert program (WESPA) for registrering av søknader om produksjonstilskot. Tal søkerarar for januaromgangen som leverte elektronisk var 339. Dette utgjer om lag 8,8 av søkermassen.

For søknadsomgangen i august 2004 var det i alt 4089 søknader om produksjonstilskot. Av desse søkte 10,3 % elektronisk. Her er stort potensiale til forbetring.

Kontroll

Kontroll med ordningane for produksjonstilskot er utført av kommunane. Fylkesmannen har hatt to kurs for kommunane i 2004. Det eine med vekt på nytt regelverk og nytt saksbehandlingssystem for søknadsomgangen pr januar 2004. Det andre vart halde i forkant av søknadsomgangen pr 20.8.2004 med vekt på ny jordbruksavtale og nytt regelverk. Vi har mykje telefonkontakt med kommunane på desse ordningane, og føler oss relativt trygge på at saksbehandlinga er einsarta i kommunane.

I 2004 har vi ikkje vore ute på kontroll i høve direkte tilskot og velferdsordningar. For investeringstilskot har vi vore på kontroll i tre kommunar: Solund, Sogndal, og Luster. 11 tiltak vart kontrollert med eit samla tilskot på kr. 766 725,- som er ca. 11 % av tilskotsramma for 2004.

EB-utvalet

I 2004 har Eb-utvalet fått tildelt kr 385 000,-. Desse midlane er brukte på i alt 14 kurs som er gjennomførte av fire kursarrangørar. Det har vore brukt mest pengar på kurs med tema Inn på tunet /Grøn omsorg. Populære kurs er også lafting og grindverkskonstruksjonar. Det vert sendt eigen rapport i april 2005.

Resultatområde 25 - Kommunane som landbrukspolitisk aktør

25.1 Kompetansesenter

I samband med intern organisasjonsutvikling med nemninga ”Framtidsretting av landbruksavdelinga” i 2003 hadde vi fokus på kompetansebehovet overfor kommunane. Avdelinga har gjennom dei 2-3 siste åra vore på kommunebesøk i alle kommunar, og kompetansebehovet har vore fast tema. Kommunane har lite å utsetja på kompetansetilbodet (kurs, konferansar og løpende kommunikasjon) vårt, og vi har eit innarbeidd samarbeid med Innovasjon Norge. Med vekslande hell har vi prøvt å involvera/invitera KS. Vi har i ulike samanhengar gitt informasjon om fordeler og ulemper med interkommunalt samarbeid. Tre - fire stader i fylket er det no på gang konkrete fellesløysingar.

25.2 Landbrukspolitisk dialog med kommunane

Som nemnt ovafor har leiargruppa ved landbruksavdelinga hatt einskildvise møte med kommuneleiing og landbruksansvarlege i alle kommunar gjennom dei 2-3 siste åra. Hovudtema har vore forventningar stat – kommune og omvendt, landbruksutviklinga i kommunen samanlikna med fylket, og kommunen som landbrukspolitisk aktør. For 2005 legg vi opp til dialog og erfaringsutveksling ved samling av fleire kommunar.

25.3 SMIL- og NMSK –midlar

Vi har utført arbeidet med desse midlane i samsvar med oppdraget. Vi er også nøgde med den måten kommunane har handtert sin del av oppgåva. Alle kommunane har utarbeidd tiltaksstrategiar for bruken av midlane. Det har vore greie prosessar der både kommunane og næringsorganisasjonane er nøgde. Det har ikkje vore noko å utsetja på det politiske engasementet, og i 5 kommunar er tiltakstrategiane utarbeidde og vedtekne som kommunedelplanar.

3.3 Barne- og familiedepartementet. Kyrkje- og kulturdepartementet

Resultatområde 41: Barnehagar

Resultatområde 41.1: Tilskotsforvaltning

Det er gjeve eigne rapportar på tilskotsforvaltninga

Resultatområde 41.2: Opgåver etter barnehagelova

Det vart gjeve slike oppdrag:

- Rettleie kommunen som barnehagemynde
- Rettleie barnehageeigar (offentleg og privat)
- Handsame klagesaker etter barnehagelova med forskrifter
- Handsame søknad om varig dispensasjon frå utdanningskravet til styrar og pedagogisk leiar
- Handsame søknad om dispensasjon frå norm for pedagogisk bemanning

Fylkesmannen har ikkje handsama søknader om varig dispensasjon for styrar eller pedagogisk leiar eller handsama søknad om dispensasjon frå norm for pedagogisk bemanning i 2004.

Fylkesmannen har i kommunesamlingar og kommunemøte informert/handsama saker etter lov om barnehagar - sjå 41.3 under.

- Fylkesmannen informerer kommunar, foreldre m.m.i telefon og e-post
- Informasjon blir lagt ut på Fylkesmannens heimesider
- Fylkesmannen møter kommunar etter behov

Resultatområde 41.3: Barnehagar – formidling av nasjonal barnehagepolitikk

Det vart gjeve slike oppdrag

- Bidra til gjennomføring av barnehagereforma i kommunane
- Fylkesmannen skal aktivt bidra til barnehageutbygging på lokalt nivå, samt rettleie og informere om barnehagereforma i møter og dialog med kommunar, private barnehageeigarar, barnehagar, høgskolar og regionale samarbeidspartnarar
- Bidra til å oppretthalde og vidareutvikle kvaliteten i barnehagen
- Bidra til rekruttering og stabilitet av førskolelærarar i barnehagen gjennom samarbeid med høgskole

Fylkesmannens Utdanningsavdeling har i 2004 hatt ein formell dialog med kommunane gjennom tre fylkessamlingar for barnehage- og skolefagleg ansvarlege. Tema har vore barnehagereforma der vi har fokusert på målkrava i høve målet om full barnehagedekning, foreldrebetaling, økonomisk likeverdig behandling av private og offentlege barnehagar når det gjeld off. tilskot, revisjon av rammeplan og lov, kvalitetsarbeid og handlingsplan for likestilling i barnehagen.

Kommunane i fylket var våren -04 inviterte til to samlingar med Roland Furst med tema "likeverdig behandling" og "skjønsmidlar". Ei samlinga var v/BFD for vestlandsregionen i Bergen, den andre samlinga var i Molde for fylka Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane.

Dei fire regionale nettverka i fylket samarbeider om ulike kompetansetiltak på barnehageområdet og står for praktisk gjennomføring av kompetanseutviklinga. Nettverka har lang erfaring og gode samarbeidsrutinar i samarbeidet om kvalitetsutvikling/kompetansetiltak.

Kompetansekatalogen for barnehagane og skolane i Sogn og Fjordane presenterer skole - og barnehageområdet sine satsingsområde for kurs og nettverk. Deler av Fylkesmannen sine midlar til kompetanseutvikling i kommunane blir etter samråd med kommunane tildelt desse regionane.

Fylkesmannen har jamleg kontakt med Høgskolen i Sogn og Fjordane. Vi samarbeider om konferansar/kurs, deriblant den årlege barnehagekonferansen for kommunane og barnehagetilsette. HSF og Fylkesmannen samarbeider også om kvalitetsarbeid i den einskilte barnehage og tildeler "FOU"-midlar til barnehagar/kommunar. I 2004 fekk kommunane Vik, Gloppe og Aurland midlar til prosjektarbeid med tema "musikk", "kommunikasjon og kvalitet" og "barnehagen gjennom årstidene". HSF og Fylkesmannen samarbeider om den årlege, elektroniske kompetansekatalogen.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er koordinerande fylkesmann for *Handlingsplan for likestilling i barnehagen 2004-2007* for fylka Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane. Vi har på kommunesamling orientert om måla for handlingsplanen og likestillingslova. Det er etablert fylkesnettverk for handlingsplanarbeidet bestående av Fylkesmann, HSF og 2 barnehagestyrarar. Det er tildelt "FOU"- midlar til ein barnehage i fylket for arbeid med likestillingsfremjande tiltak.

Resultatområde 44-47

Her er det brukt ein eigen rapporteringsmal. SJÅ VEDLEGG 2

Resultatområde 48 - Likestilling

Kjønnsfordeling og løn - kvinner og menn

Tabellen nedanfor viser at vi pr. dato er 114 tilsette, 54 kvinner og 60 menn (47 % kvinner). Gjennomsnittsløna for kvinner er 1st 42, medan menn i gjennomsnitt har 1st 50. Snitt for embetet er 47. (Tabell 1). Dersom vi berre reknar saksbehandlarane, har kvinner i snitt 1st 43, medan menn har 1st 46. Snitt for saksbehandlarane er 45. (Tabell 2)

Dette gir følgjande endringar siste året når det gjeld løn (alle, ekskl. Norge.no):

- gjennomsnittsløna for kvinner har auka frå 40 til 42 = + 2
- gjennomsnittsløna for menn har auka frå 49 til 50 = + 1
- gjennomsnitt for embetet har auka frå 45 til 47 = + 2

For *saksbehandlarane* viser utviklinga siste året følgjande:

- gjennomsnittsløna for kvinner har auka frå 41 til 43 = + 2
- gjennomsnittsløna for menn har auka frå 45 til 46 = + 1
- gjennomsnitt for embetet har auka frå 43 til 45 = + 2

Lønsforhandlingar i 2004 viser følgjande:

- ved sentrale justeringsforhandlingar fekk 29 kvinner og 22 menn opprykk i løn.
- ved lokale forhandlingar fekk 27 kvinner og 30 menn opprykk i løn. Kvinner fekk 44 % av potten, medan kvinnedelen av lønsmassen utgjorde 43,5 %.
- i tillegg fekk 8 kvinner og 2 menn opprykk i løn på særskilt grunnlag, på grunn av endringar i arbeidsoppgåvane (meir ansvar).

Nytilsette i 2004 – internt avansement

Det byrja 4 kvinner og 4 menn i nye stillingar ved embetet i 2004. (I tillegg vart det mot slutten av 2004 tilsett 1 kvinne og 3 menn som byrjar i 2005).

Når det gjeld internt avansement viser vel avsnittet ovanfor om at 8 kvinner og 2 menn fekk opprykk i løn på særskilt grunnlag at det har vore ei viss utvikling i positiv lei når det gjeld arbeidsoppgåver og ansvar.

Deltidstilsette

Pr 31.12.04 er det 14 kvinner og 4 menn som har reduserte stillingar på grunn av omsorgspermisjon, delvis AFP eller uførepensjon, eller fordi dei ikkje ønskjer å ha full stilling av andre grunnar.

Sjukefråvær i 2004

Sjukefråværet for 2004 er 3,6 % (derav 2,3 % langtidsfråvær). Tilsvarande tal for 2003 var 4,4 % (3,1 %). Sjukefråværet for kvinner i 2004 var 5,8 %, og for menn 1,6 %. Tilsvarande tal for 2003 var 5,5 % for kvinner og 3,5 % for menn.

Lønsstatistikk pr 01.01.05

Tabell 1 – alle tilsette

Avdeling/eining	Tal tilsette	Kjønn	Tal tilsette	Gjennomsnitt lønssteg	Merknad
Leiing og stab	5	K	3	60	
		M	2	67	
Adm og beredskap	31	K	16	38	Inkl. reinhald
		M	15	48	
Helse-,sos og justis	19	K	11	46	
		M	8	57	
Utdanning	9	K	5	46	
		M	4	55	
Landbruk	31	K	12	37	Inkl. reinhald
		M	19	48	
Miljøvern	19	K	7	44	
		M	12	49	
Embetet samla	114	K	54	42	
		M	60	50	
		Alle	114	47	

Tabell 2 - saksbehandlarar

	Tal tilsette	Kjønn	Tal tilsette	Gjennomsnitt lønssteg	Gjennomsnitt lønssteg alle
Stab	3	K	2	52	51
		M	1	49	
Adm- og beredskap	25	K	12	41	43
		M	13	45	
Helse-,sosial og justis	15	K	11	46	46
		M	4	46	
Utdanning	8	K	5	46	47
		M	3	49	

Landbruk	26	K	10	39	43
		M	16	46	
Miljøvern	17	K	7	44	46
		M	10	47	
Embetet samla	94	K	47	43	45

Aktivitetar

På bakgrunn av brev frå Likestillingsombodet 15. juni 2004, vart det sett ned ei arbeidsgruppe vurderte i 2004 tiltak for å fremje likestilling, og då særleg tiltak for å få fleire kvinnelege leiatar i embetet. Leiargruppa drøfta deira framlegg, og var samde om følkligjande:

Overordna mål

Vi skal bidra til å utnytte dei menneskelege ressursane betre enn det vi gjer i dag, og gje alle like mogleger til arbeid og karriere.

Vi skal oppdatere den lokale tilpassingsavtalen til Hovudavtalen med dei tiltak som vert vedtatt.

Utfordringar

Hovudutfordringa hjå oss er å få fleire kvinner i leiande stillingar. Pr i dag er at vi berre 1 kvinne blant 15 ordinære leiatarar (embetsleiring, avdelingsleiatarar og seksjonsleiatarar.). Vi har elles 3 kvinner i staben (rådgjevarar) som rapporterer direkte til fylkesmannen, eg elles finst det også kvinner som leiatarar av diverse mellombelse arbeidsgrupper og som prosjektleiarar.

Det er også viktig at embetet har fokus på lønsforholda, og passar på at det ikkje vert gjort skilnad i løn eller lønsutvikling pga kjønn (td ved permisjonar).

Likestilling er eit klart leiaransvar, både for embetsleiringa og den einskilde avdelingsleiar.

Mål

- Tilnærma jamn kjønnsfordeling i ordinære leiarstillingar i embetet.
- Fleire kvinner inn som leiatarar/korordinatorar av fagggrupper/team/prosjekt.
- Likelønn i embetet – dvs at stillingar som har tilnærma like krav til utdanning, erfaring og ansvar skal lønast likt, og ha same lønsutvikling.

Organisatoriske tiltak

- organisere faggrupper og team innan og på tvers av avdelingane i tråd med satsingsområde i tildelingsbrev/VP
- la koordinator-rolla i gruppene gå på omgang i den grad dei varer lenger enn 1 år, og prioritere kvinner i slike roller
- leiargruppa bør drøfta organisasjonsprinsipp i embetet, ikkje la det vere heilt opp til avdelingsleiatarane å avgjere intern organisering i avdelinga
- prioritere kvinner til fungering i leiarstillingar – gjev viktig erfaring (td i feriar, ved sjukdom og permisjonar)
- vurdere åremål i leiarstillingar

Rekruttering

- alltid ekstern utlysing av leiarstillingar

- spesifisere krav til kompetanse og kvalifikasjonar på ei slik måte at ein ikkje utelukkar aktuelle søkerar pga manglande leiarerfaring eller spesifikk fagutdanning (viss ikkje det er heilt nødvendig)
- bruke Kvinnebasen på internett aktiv i leiting etter kvinnelege kandidatar til leiarstillingar, samt oppmode aktuelle kandidatar om å sökje
- ved intervju til leiarstilling eller nøkklestilling alltid ha med minst ei kvinne under intervjeta og i tilsetjingsrådet
- alltid kalle inn minst ei kvinne til intervju til stillingar som over
- begrunne innstillinga særskild dersom aktuelle kvinnelege søkerar ikkje vert innstilt
- alltid ha møte i tilsetjingsrådet når det er snakk om leiarstilling
- når ein mann og ei kvinne står kompetansemessig tilnærma likt i høve til ei leiarstilling, skal kvinnen prioriterast

Kompetanseutvikling

- oppmode aktuelle kvinnelege medarbeidarar til å sökje utdanning som gir leiarkompetanse, og prioritere slike søknader
- dersom ein set i gang leiarutvikling internt i embetet, lyse ut eit par plassar for interesserte kvinner
- arrangere eige kurs i mediatrenings for kvinner
- kurs i prosjektleiing
- kurs for leiarar i kommunikasjon/ ”den gode samtalens” (medarb.samtalar)

Praktiske tiltak

- klargjere i personalplanen at redusert arbeidstid, heimekontor og andre praktiske tilretteleggjande tiltak er mogleg å diskutere også for leiarar
- legge til rette for hospitering og rotasjon internt og eksternt, slik at kvinner kan skaffe seg nødvendig erfaring
- gjere det mogleg for leiarar som ynskjer det å å trappe ned eller gå over i anna stilling i embetet
- i samband med lønsforhandlingar alltid vurdere om det er skeivheiter i lønsnivå og lønsutvikling som kan tilskrivast kjønn, og som då bør rettast opp

Haldningar

- avdelingsleiar må ta opp spørsmål om ambisjonar og karriereynskje i medarbeidarsamtalen, og medverke til å imøtekome desse – også om det inneber stilling utanom embetet
- oppmode kvinner om å ta på seg ansvar, stille opp i media, halde foredrag og innlegg, leie prosjekt osb
- gje konstruktive tilbakemeldingar og oppmuntring
- drøfte leiarrolla og krav til denne som del av ev. leiarutviklingsprogram – jf punktet om kompetansutvikling over

Resultatområde 56 –Trudoms- og livssynssamfunn

I 2004 kom det inn 21 saker mot 23 året før. Eitt trudomssamfunn vart sletta og tre nye vart registrert. Tre forstandarar vart godkjende. Det vart utbetalt kr. 212 898 i statstilskot, ein auke på kr. 22 984 i høve til 2003.

Resultatområde 58 – Lov om helgedagsfred

I 2004 kom det inn 11 saker, mot 8 saker i 2003. Av desse var det ei sak om ajourføring av forskrift for Stryn som typisk turiststad, resterande saker var søknader om dispensasjon frå opningstidene som er fastsette i lova. Dispensasjonssakene vart handsama fortløpande og ved årskiftet var det ingen saker i restanse.

3.4 Justisdepartementet. Direktoratet for sivilt beredskap.

Resultatområde 51.1 – Stiftingar

I 2004 vart det registrert totalt 81 saker, mot 97 i 2003.

Av dei innkomne sakene vart det gjort 8 vedtak om registrering av stifting, 2 vedtak om omdanning og 4 vedtak om oppløysing. 35 rekneskap kom inn og vart gjennomgått. Gjennomgangen gav ikkje grunnlag for nærmare undersøkingar av stiftingar si forvaltning og drift. Det vart såleis ikkje i nokon av sakene vurdert å setje i verk gransking/undersøking av styret si forvaltning av stiftinga.

Resultatområde 51.2 – Overformynderi/verjemål

Det kom inn 47 saker i 2004 mot 51 saker i 2003 og 52 i 2002. Av desse galdt 26 saker overformynderi-rekneskap, 9 saker galdt klager på overformynderivedtak, 2 saker var melding om val og 15 saker var av generell karakter, m.a spørsmål om odelsfråskrivning og bankars opplysningsplikt til overformynderi. Det vart ikkje arrangert kurs i 2004, men det vart gjennomført 4 tilsynsbesøk.

Resultatområde 52.1 – Fri rettshjelp

Type sak	Tal saker	%-andel av total	
Utlendingssaker	395	38,6 %	
Uprioriterte utlendingssaker	14	1,4 %	1)
Dagleg omsorg/samvær for barn	98	9,6 %	
Skifte av felleseige	72	7,0 %	
Separasjon/skilsmisse	13	1,3 %	
Dagleg omsorg/samvær og skifte av felleseige	45	4,4 %	
Andre familiesaker	15	1,5 %	3)
Barnevernsaker	24	2,3 %	1)
Farskapssaker	3	0,3 %	1)
Trygde-/ pensjonssaker	56	5,5 %	
Oppseiing og avskil frå arbeide	15	1,5 %	
Andre arbeidsrettssaker	8	0,8 %	1)
Oppseiing/utkasting frå bustad	9	0,9 %	
Andre saker om leige av bustad	5	0,5 %	1)
Personskadesaker	49	4,8 %	
Voldsoffererstatning	26	2,5 %	
Arvesaker	5	0,5 %	1)
Gjeldssaker	13	1,3 %	1)
Saker i utlandet	0	0,0 %	
Eigendel	31	3,0 %	
Andre saker	126	12,3 %	2)
Totalt	1022	100,0 %	

Merknader til tabellen

- 1) - Rettshjelplova skiller mellom prioriterte og uprioriterte saker (sjå § 13 jf. § 18.)
- 2) - Andre saker omfattar alle andre kategoriar. Saker i samband med oppløysing av sambuarskap (barnefordeling, økonomisk oppgjer) er omfatta av denne kategorien, men og høgt prioriterte saker som kvinnemishandling og erstatning til valdsofre frå skadevoldar.
- 3) - Denne kategorien omfattar mellom anna storleik på barnebidrag.

	Avslag	Saker
Fritt rettsråd	42	907
Fri sakførsel	20	115
Sum:	62	1022

Dei fleste saker blir løyst innan 1 mnd. frå dei kom inn til Fylkesmannen.

Resultatområde 52.2 – Valdsoffererstatning

Det blir sendt eigen rapport til Erstatningsnemnda for voldsofre. Fylkesmannen har i løpet av 2004 avslutta alle saker og har ingen saker i restanse på område.

Resultatområde 52.3 – Namnelova

Det kom i 2004 inn 2 klagesaker etter namnelova, mot 2 i 2003 og 53 førsteinstanssaker i 2002. Alle saker vart handsama innan 4 veker etter at dei kom inn. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid var 3 veker.

Resultatområde 52.4 – Tomtefestelova

Det vart i 2004 gjort 1 vedtak om innløysing av festetomt mot 2 i 2003.

Resultatområde 52.6 – Dekningslova

Det kom ikkje inn slike saker til handsaming i 2004.

Resultatområde 52.7 – Kommunale politivedtekter

Det kom ikkje inn slike saker til handsaming i 2004.

Resultatområde 53.1 – Regional samordnar innan samfunnstryggleik og beredskap

Som ledd i revisjon av kriseplanen vår har vi byrja på arbeidet med å kartlegge kva type ressursar fylket kan stille med i ein krisesituasjon. Dette arbeidet skal vere slutført innan utgangen av mars 2005.

Representantar frå ulike avdelingar og etatar på fylkesnivå møtest til faste drøftingar i Planforum. Saman med skrivne rutinar for sakshandsaming internt i embetet, sikrar dette at fylkesmannen har rimeleg oversyn over langsiktige planar for arealbruk i fylket.

Frå 2004 er ikkje fylkesmannen representert i beredskapsutvala ved lufthamnene. Denne oppgåva har no sivilforsvaret.

Resultatområde 53.2 – Rettleiar og pådrivar ovanfor kommunane

Fylkesmannen har lagt til rette for interkommunalt samarbeid innan samfunnstryggleik og beredskap ved å øve 7 kommunar i Sogn etter regionvis inndeling: Årdal, Lærdal og Aurland saman, og Luster, Sogndal, Leikanger og Vik saman. Øvingane vart gjennomført etter

diskusjons-øvingsmodellen. I tillegg er to kommunar øvde kvar for seg, ei øving i regi av DSB og ei i samarbeid med NUSB.

Det er gjennomført beredskapstilsyn i 6 kommunar.

På alle øvingar og ved alle tilsyn har vi lagt vekt på å motivere kommunane til å ha oppdaterte kriseplanar. I dette arbeidet har vi fokusert på viktige tema som rolleavklaring, krisinformasjon, informasjonsplanlegging og handtering av media og publikum.

Rasjoneringsordninga er avvikla i alle kommunar i fylket.

Resultatområde 54 – Samordning ved kriser og krig

Fylkesberedskapsrådet hadde sitt årlege møte den 25. november. Med unntak av 3 forfall var alle etatar og fagorgan representert. Atomberedskapsutvalet har ikkje hatt øving eller samling i 2004.

Fylkesmannen har ikkje øvd kriseleiing eller krisestab i 2004, men har kalla saman delar av kriseleiinga ved kritiske hendingar både i november og desember 2004.

Arbeidet med gjennomgang og revisjon av eigen kriseplan vart sett i gang i desember, og skal vere slutført innan utgangen av februar 2005.

Fylkesberedskapssjefen har delteke på fleire samarbeidsmøte med HV-10 og halde foredrag for HV-avdelingar i fylket. Han deltok også på møte i Totalforsvarsnemnda for Sør- og Vestlandet i juni.

3.5 Kommunal- og regionaldepartementet

Resultatområde 61 - Kommuneøkonomi og samordning

Samordning

Vi har tidlegare utarbeidd forventingsbrev, men gått bort frå det. Vi formidlar nasjonale mål og prioriteringar i brev, konferansar, fagmøte, kommunebesøk og løpende dialog.

Fylkesmannen skal også informere sentral stat om stoda i fylket, og i brev til KRD datert 16.04.2004 har vi sett søkjelyset på vesentlege sider ved utviklinga i fylket.

Det er ei større og større utfordring å balansere statlege krav og forventningar i høve til den kommunale økonomien. Med 13 kommunar i ROBEK og svært stram økonomi i dei aller fleste kommunane, vert berre heilt klare avvik i høve lovverket påpeikt og lån til heilt nødvendige tiltak for å stette lovkrav innvilga for ein del av kommunane. Vi må stadig ha fokus på kva som er ”må” og kva som er ”bør”-oppgåver, og har understreka det i heile organisasjonen. Vi har ei tverrgåande tilsynsgruppe i embetet for å styrke samordninga av det kommuneretta tilsynet. Denne gruppa vart i 2004 utvida med kommuneøkonomirådgjevar. Gruppa inviterer eksterne tilsynsetatar til dei halvårlege tilsynssamlingane. Alle planlagte tilsyn, rapportar og oversikt over avvik som ikkje er lukka (restanseliste) framgår av den elektroniske tilsynskalenderen på Internett. Kommunane har fått tilsendt oversyn over alle planlagde kommunebesøk, tilsyn, konferansar og samlingar. Desse tiltaka blir samla i ein felles kurs- og konferansekalender på Internett, og blir jamleg oppdatert. Vi har strukturerte kommunebesøk (jf pkt 2.1), målsetjinga er at kvar kommune skal ha eit slikt besøk to gonger i

ein valperiode. Kommunebesøk, tilsyn og kommuneretta utviklingsarbeid vert koordinert i staben til fylkesmannen.

Omstilling i kommunane

Prosjektet ”Omstilling og modernisering i kommunesektoren” har vore eit av embetet sine hovudsatsingsområde i 2004. Hovudmålet med prosjektet har vore ”å bidra til robuste kommunar som utnyttar ressursane effektivt, kommuniserer godt med innbyggjarane sine og produserer tenester med høg kvalitet”. Om lag 1,5 årsverk er nytta i samband med prosjektet. Omstilling og modernisering har vore tema i ulike fora der fylkesmannen har møtt kommunane; på kommunekonferansen i mai, på samling for alle rådmennene i november, i møte med regionråda og enkeltkommunar. Som ein lekk i arbeidet med å formidle erfaringar og gode eksempel på omstillings- og moderniseringstiltak, er det etablert ei heimeside for prosjektet på Internett: www.fylkesmannen.no/moderniseringsfj

Embetet har hatt ansvar for etablering og drift av det elektroniske moderniseringsforumet for fylkesmennene og KRD på FM-nett. Det er informert internt om prosjektet via Intranett, leiarmøte og avdelingsmøte, og det er etablert eit godt samarbeid med fagavdelingane om prosjektet.

Fylkesmannen har skrive samarbeidsavtale med KS om bistand i Effektviseringsnettverka, og har delteke med økonomirådgjevar og rådgjevarar frå aktuelle fagavdelingar på samlingar i dei tre nettverka som har deltakarkommunar frå fylket. Som ein del av prosjektet vart det starta opp to nettverk for erfaringsutveksling og læring i 2004, eit rådmannsnettverk og eit nettverk for økonomimedarbeidarar i kommunane. Fylkesmannen har også delteke på samlingar i Stifinnarprosjektet, som Sogndal kommune deltek i.

Fylkesmannen fordele ca 1,7 millionar kroner av skjønspotten til 11 ulike kommunale og interkommunale omstillings- og moderniseringsprosjekt i 2004. Det vil bli utarbeidd ein meir utfyllande rapport for prosjektet som vert oversend KRD saman med prosjektplan for 2005.

I medhald av kommunelova er det handsama slike saker:

§ 59 a ROBEK: Vi hadde 16 kommunar i ROBEK ved inngangen av 2004 og har meldt ut 3 i løpet av året. Har ved inngangen av 2005 13 av 26 kommunar i ROBEK

§ 44 Økonomiplan. 23 økonomiplanar vart kontrollert om dei stetta balansekravet. 2 kommunar gjorde ikkje det.

§ 45 Årsbudsjett (jf. § 59a nr. 2). 26 årsbudsjett vart kontrollert om dei stetta balansekravet, jf. § 59a nr.1a. I alt var 15 budsjett underlagt lovlegkontroll i 2004, jf. § 59a nr. 2. Av desse vart 7 godkjent etter første gongs handsaming, 8 måtte ha 2. gongs handsaming og eit vart handsama for 3. gong. Budsjettvedtakt til to av kommunar kunne aldri godkjent då det ikkje stetta balansekravet.

§ 50 nr. 9 Kommunale lånepoptak (jf. § 59a): Låneopptak i ROBEK-kommunane måtte godkjennast etter eigen søknad. Fylkesmannen la til grunn slike føresetnader for lånegodkjennning i desse kommunane:

- Vilkår for å ta opp lån var at budsjett og økonomiplan var i balanse
- Berre ta opp lån som var sjølvfinansierande
- Rå frå opptak av lån som aukar driftsutgiftene

I alt 41 søknader om låneneopptak vart handsama. Av desse vart 2 avslått. Av dei 39 søknadene som vart godkjent var 7 søknader om kassakredittlån, 4 søknader om startlån, 2 søknader om leasing og 1 refinansiering av lån.

§ 51 Kommunale garantiar: I alt 8 garantisaker vart handsama og godkjent.

Statsbudsjett og inntektssystemet: Det vart arrangert 2 konferansar der målgruppa var rådmann/ordførar/økonomisjefar/anna kommunal leiing. Ein konferanse i mai i samband med revidert nasjonalbudsjett 2003/kommuneproposisjonen 2004 og ein konferanse den 8. oktober i samband med presentasjon av statsbudsjettet for 2004.

Kommunesamanslutning: Ingen prosjekt i 2004.

Resultatområde 62 – Lovlegheitskontroll og rettleiing

Det kom inn 3 saker om lovlegkontroll etter kommunelova § 59 mot 5 i 2003.

	§ 59 nr. 1: Krav frå minst 3 repr.	§ 59 nr. 5 På eige initiativ
I kor mange saker har fylkesmannen gjort vedtak:	1	2
Kor mange vedtak vart stadfestat:	1	2
Kor mange vedtak vart kjent ulovlege:	0	0

Fylkesmannen sitt generelle rettleatingsansvar overfor kommunane i kommunalrettslege spørsmål vart gjennomført fortløpende.

Resultatområde 63 – Regelverksforvaltning/klagebehandling

Resultatområde 63.1 – Saksbehandling

KRD har i tildelingsbrev for 2004 stilt krav om rapportering i eige skjema med frist 01.03.05. Rapporten er også gjengjeve her:

1. Klagesaker etter plan- og bygningslova (**NB! Kun byggesaksdelen**):

1.1 Klagesaker hvor fylkesmannen har truffet vedtak	Antall
a) Innkomne saker	113
b) Hvor mange vedtak ble truffet?	118
c) Hvor mange av underinstansens vedtak ble stadfestet fullt ut ev. delvis?	57

1.2 Hva var fylkesmannens behandlingstid på klagesakene for rapporteringsåret?	Antall uker
a) Lengste	23
b) Gjennomsnitt	9,5

1.3 Gjenstående saker pr. 31.12	Antall
a) Hvor mange saker gjenstod til behandling pr 31.12?	22

Saker etter kapittel VIII i plan- og bygningsloven (ekspropriasjon) og oreligningsloven §§ 2 og 25:

2.1 Saker hvor fylkesmannen har truffet vedtak	Antall
a) Innkomne saker	4
b) Hvor mange vedtak har fylkesmannen truffet som førsteinstans?	0
c) Hvor mange vedtak har fylkesmannen truffet som klageinstans?	4
d) Hvor mange av underinstansens vedtak ble stadfestet fullt ut ev. delvis?	4

2.2 Hva var fylkesmannens behandlingstid på sakene hvor det var truffet vedtak i rapporteringsåret?	Antall uker
a) Lengste	24
b) Gjennomsnitt	12
2.3 Gjenstående saker pr 31.12?	Antall
a) Hvor mange saker gjenstod til behandling pr 31.12?	0

Merknader:

Det generelle inntrykket er at flest klagesaker i vårt fylke oppstår ved oppføring av mindre bygning (td. garasje) i etablerte byggfelt. Det blir lett relativt store konflikter ved plassering nær nabogrense der det skjer endring i utsikt- og lystilhøve. I mange saker vert det klaga på manglar ved nabovarsel.

Resultatområde 63.2 – Informasjon og rettleiing

Det blir gitt fortløpende informasjon og rettleiing til kommunar, private partar og andre brukarar om aktuelt lov- og regelverk.

Det vart arrangert opplæringskonferanse i samarbeid med fylkeskommunen.

Resultatområde 63.3 – Statsborgarsaker

Det kom inn og vart handsame 9 slike saker mot 11 i 2004.

Resultatområde 65.1 - Kommunestruktur

Fylkesmannen har delteke i prosjektgruppa for ”Framtidas kommunstruktur”, og bidrige med ei 20 % stilling i sekretariatet for prosjektet.

Resultatområde 65.2 - Interkommunalt samarbeid

Fylkesmannen har gjennom prosjekt ”Omstilling og modernisering i kommunesektoren” støtt fleire interkommunale samarbeidsprosjekt: Felles økonomikontor etter vertskommunemodellen for kommunane Førde, Gauldalen og Naustdal, felles IKT-tjeneste for åtte kommunar i Sunnfjord og Ytre Sogn og eit regionalt GIS-prosjekt for ni kommunar i Midtre og Indre Sogn.

3.6 Sosial- og helsedirektoratet

Her er rapporten sett opp etter ein eigen mal, denne ligg difor ved som vedlegg til denne rapporten. SJÅ VEDLEGG 3

3.7 Utdannings- og forskingsdepartementet

Resultatområde 31: Tilsyn, klagebehandling og lovlegkontroll

Resultatområde 3.1 Tilsyn

Utdannings- og forskingsdepartementet fører tilsyn med verksemder etter opplæringslova og friskulelova. Mynde til tilsyn er delegert til Utdanningsdirektoratet, som igjen har gjeve delegasjon til fylkesmennene.

Tilsynsbesøk i kommunane

Utdanningsavdelinga ved Fylkesmannen i Sogn og fjordane har ført tilsyn med 3 kommunar i 2004 (Leikanger, Askvoll og Bremanger). Med grunnlag i tildelingsbrev blei det ved tilsyna særleg fokusert på:

- Rett til gratis grunnskuleopplæring
- Rett til grunnskuleopplæring for vaksne
- Spesialundervisning for barn unge og vaksne
- Organiseringa av undervisninga i grupper
- Elevane sitt skolemiljø
- Skule- og lærebedriftsbasert vurdering

Ved tilsyna er det brukt element frå systemrevisjon og dialogbasert tilsyn. Sjølve tilsynet er blitt gjennomført ved gjennomgang av utsendt spørjeskjema og gransking av dokument og statistikk. Det er vidare gjennomført intervju med kommunaleiinga (ordførar, rådmann og skuleansvarleg) og representantar for elevar, føresette og tillitsvalte.

Utdanningsavdelinga har ved intervju og gransking av dokument vurdert om kommunane driv skulane i samsvar med m.a. nemnde regelverk. Denne vurderinga har resultert i ein rapport, som kommunane har hatt høve til å uttale seg om, før den er rekna som endeleg.

Ved tilsyna blei det m.a. konkludert med at fleire skular ikkje hadde eit fysisk miljø i samsvar med opplæringslova. Det blei i denne samanheng særleg lagt vekt på funn frå andre tilsynsinstansar, som arbeidstilsynet og mattilsynet. Fleire kommunar mangla også rutinar for lovmessig sakshandsaming ved tiltak i høve skolemiljøet.

Utdanningsavdelinga fann vidare at det kunne vere vanskar med å organisere skuleturar i samsvar med regelverket om gratis grunnskule. Ved eitt tilfelle blei det funne brot på lova.

Ved eitt tilsyn kom det fram at kommunen hadde gjort vedtak om ikkje å følgje opp lovendringa som gav vaksne rett til grunnskuleopplæring. Dette er klårt ulovleg, men må sjåast på som ein markering av misnøye med at lovendringar ikkje blir fylgt opp med auka økonomiske rammer.

Alt i alt har Fylkesmannen inntrykk av at kommunane er profesjonelle skuleeigarar som så langt det er råd søker å drive verksemda i samsvar med gjeldande regleverk. Det er særleg lagt merke til kommunane og skulane sine tiltak for å fremje det psykososiale miljøet for elevane.

Utøving av tilsynsmynde i ein skilde klagesakar

Utdanningsavdelinga har utøvd tilsynsmynde i ein einskildsak ved å påleggje Naustdal kommune å sørge for at ein elev blei utgreidd av PPT.

Resultatområde 31.2: Klagehandsaming

Oversyn over saker og resultat

Klage på vedtak om spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1 medførar høvesvis mykje arbeid for utdanningsavdelinga. I 2004 blei det handsama 86 klagesaker, og det er Vågsøy Førde og Naustdal som har flest saker. Utdanningsavdelinga har, m.a. i kommentarar i klagehandsaminga og ved tilsynsvitjingar, prøvd å peike på tiltak som kan redusere talet på klagar. Det kan vere komplekse årsaksamenhengar som ligg til grunn for talet på klagar i ein kommune, og ulike tiltak må vurderast over tid. Det synast likevel klårt at det er ein samanheng mellom kutt i tal delingstimar og søknad på spesialundervisning, som igjen er gjenstand for klage.

2004: 86 klagesaker

Medhald	Delvis medhald	Avslag	Anna (saker sendt i retur m.v.)
18,6%	16,3%	51,2%	14%

2003: 86 klagesaker

Medhald	Delvis medhald	Avslag	Anna (saker sendt i retur m.v.)
12,8%	21%	46,5%	19,8%

2002: 76 klagesaker

Medhald	Delvis medhald	Avslag	Anna (saker sendt i retur m.v.)
11,8%	35,5%	35,5%	17,1%

Utdanningsavdelinga har handsama 1 sak om utvisning av elev. Her fekk kommunen medhald. Vidare er det handsama 5 klagesaker på avslag om fri skyss som følgje av farleg skuleveg (ein sak hadde 4 partar). Alle skyssklagene fekk heilt eller delvis medhald.

Klage på avgangskarakterar i grunnskulen

Fylkesmannen har

- behandla 3 klager på karakter ved munnleg avgangsprøve. Ingen medhald.
- behandla 3 klager på endeleg karakter i orden og åtferd. Ein fekk medhald
- behandla 53 klager på standpunktcharakter i fag. 15 fekk medhald

Resultatområde 31.3: Lovlegkontroll

Fylkesmannen, ved utdanningsavdelinga, handsama i 2004 ei sak med heimel i kommunelova § 59. Denne saka gjaldt vedtak om endring av målform ved Florø barneskule. Det blei konkludert med at vedtak om å endre målform var ugyldig, og vedtaket blei oppheva.

Resultatområde 32: Kvalitetsvurdering, dokumentasjon og analyse

Resultatområde 32.1: Nasjonale prøver, avgangsprøver, eksamen

Nasjonale prøver

Fylkesmannen har

- bidrige til førebuing og gjennomføring av nasjonale prøver i grunnskulen og vidaregående opplæring gjennom utsending og vidaresending av informasjon frå fagmiljøa og utdanningsdirektoratet til skuleeigar og eksterne vurderarar
- informert skuleeigarar / skuleleiarar på møte med skulefagleg ansvarlege
- svart på eit stort tal telefonar og e-postar frå rektorar, lærarar, foreldre og elevar
- arrangert 16 dagskurs for faglærarar
- oppnemnd eksterne vurderarar i alle aktuelle fag og trinn
- hatt eit informasjonsmøte og eit evalueringsmøte med eksternvurderarar
- delteke på to nasjonale kurs for eksternvurderarane
- delteke på jamnlege møte med Læringssenteret / Utdanningsdirektoratet
- formidla billettbestillingar, hotellbestillingar og invitasjonar i samband med nasjonale kurs for eksternvurderarane
- ordna med utbetaling av godtgjering, refusjon av løn, reiserekningar med meir for ekspertvurderarane

Avgangsprøvene i grunnskulen

Fylkesmannen har

- sett til at skriftleg og munnleg avgangsprøve har vore gjennomført i fylket etter gjeldane retningsliner
- oppnemnd og kvalifisert sensorar til skriftleg avgangsprøve i samarbeid med Møre og Romsdal fylke
- sørga for utbetaling av utgifter knytt til oppdraget
- arrangert fellessensur for eige fylke og Møre og Romsdal fylke for skriftleg avgangsprøve i norsk
- arrangert fagkurs for sensorane i norsk i begge fylka
- oppnemnd og tildelt munnlege sensorar til kommunane

Sentralgitt eksamen i vidaregåande opplæring

Fylkesmannen har administrert sensoroppmeldinga i fylket, har registrert og kvalitetssikra oppmeldingar, registrert etteroppmeldingar, sikra at skulane har meldt opp etter reglane for uttrekk, informert, rettleia, bringa vidare og svart på spørsmål om sentralgitt eksamen og dokumentasjon, har generelt sett til at sentralgitt eksamen vart gjennomført på ein forsvarleg måte i 2004, har delteke i gjennomføringa av fellessensur for våreksamen, og gjort førearbeidet til å administrere klagesensur for heile landet til hausteksamen 04 i 40 fag. Sakshandsama søknader om å gjennomføre tverrfagleg eksamen over 2 år.

Lokalgitt eksamen i vidaregåande opplæring

Har sett til at lokalgitt eksamen blei gjennomført på ein forsvarleg måte og deltok i ei arbeidsgruppe sett ned av fylkesdirektøren for å evaluere opplegget for lokalgitt eksamen i fylket. Deltok i å utvikle og gjennomføre ei spørjeundersøking blant leiarar, lærarar og elevar i samband med dette.

Språkprøven i norsk med samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

- Florø og Sandane er teststader for språkprøva i Sogn og Fjordane.

Resultatområde 32.2: Skoleporten.no

Tidleg i 2004 hadde Fylkesmannen regionale møte med alle kommunane i dei fire regionane og drøfta utfordringar knytt til bruk av skoleporten og oppbygging av kvalitetssystem i samsvar med justert §13-10 i Opplæringslova.

På oppmoding frå kommunane har Fylkesmannen gått inn i ei hjelparolle i ein kommune og ein region i fylket der siktemålet er å utvikle eit kvalitetsvurderings- og kvalitetsutviklingssystem. Bruk av data frå skoleporten vert ein del av systemet, slik det er pålagt i §13-10. Prosjektkommunane vil dele erfaringane sine frå prosjekta til dei andre kommunane.

Det vart arrangert tre regionale dagskurs i fylket i samband med innrapportering av resultata frå dei nasjonale prøvene våren 2004. Fylkesmannen har fungert som brukarstøtte for å hjelpe kommunane til å få lagt inn resultata frå dei nasjonale prøvene. Elles har fylkesmannen hjelpt til med å oppdatere og forbetre informasjonen som ligg i systemet.

På møtet i desember med alle kommunane var skoleporten tema. Det vart fokusert på kva slags informasjon som finst i skoleporten, korleis få ut rapportar om skolefakta, ressursar, læringsmiljø og læringsutbytte, og korleis opplysningane frå skoleporten kan brukast i eit kvalitetsvurderings og utviklingssystem. Erfaringar frå prosjektkommunane vart trekt inn.

Resultatområde 33: Kvalitets- og kompetanseutvikling

Resultatområde 33.1: Læreplanarbeid

Fylkesmannen administrerte som eit av to fylke i landet ei høringsrunde på utkast til ny læreplan i norsk.

Resultatområde 33.2 Kompetanseutvikling

Utdanningsavdelinga er sekretariat for Forum for skule- og barnehageutvikling, samarbeidsorganet som koordinerer og initierer kompetanseutviklingsarbeidet i fylket (tidlegare Kompetanseutvalet.) Det har hatt 4 møte i 2004. Avdelinga har også koordinert og planlagt 4 møte over 2 dagar med dei skule- og barnehageansvarlege der strategiar og gjennomføring av kvalitetsarbeidet vart drøfta. Avdelinga deltok også på fleire av fylkeskommunen sine kompetanseutviklingsarenaer. Ein har forvalta kompetansemidlane til kommunane på bakgrunn av innleverte planer frå regionar, kommunar og skular, og samla og systematisert planane og rapportane på ein eigen nettstad.

Entreprenørskap: Har utarbeidd søknader til satsinga, rapportert til bidragsytarane, utvikla planskjema, samla inn planar frå regionar, kommunar og skular, systematisert planane i nettbase, koordinert grunnskulesatsinga i fylket, og gjort informasjonsarbeid.

Resultatområde 33.3

Vi har ikkje handsama søknader om forsøks- og utviklingsarbeid i vidaregåande opplæring etter delegasjonsbrev av 29.06.04.

Resultatområde 33.4 Lærande nettverk

Fylkesmannen har

- samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane, Kommunane og Fylkeskommunen om etablering av nettverk mellom 4 vidaregåande skular og 7 grunnskular

- delteke på informasjonsmøte med direktoratet
- samarbeid med prosjektleiar som er tilsett på høgskulen
- utbetalt midlar til høgskulen for drifting av nettverket
- etablert og delteke i referansegruppe
- utbetalt midlar til dei 11 prosjektskulane
- tatt inn planar frå prosjektskulane og lagt dei inn i Prosjektbasen

Resultatområde 33.5. Likeverdig utdanning i praksis

Det er ikkje gjennomført oppstartsseminar hausten 2004 for kommunar og fylkeskommunar når det gjeld strategiplanen *Likeverdig utdanning i praksis*. Dette vart gjennomført i januar 2005.

Resultatområde 33.6 Gi rom for lesing!

Fylkesmannen har

- informert om satsing på møte i Forum for skule- og barnehageutvikling og på Skule- og barnehagemøte
- vidaretildelt midlar til kommunane og fylkeskommunen
- tatt inn prosjektplanar frå skular som er tildelt midlar og lagt planane /rapportane inn i Prosjektbasen
- samarbeidd med Læringssenteret, Lesesenteret og fylkesmennene i Hordaland og Rogaland om ein to-dagars regional konferanse i Bergen i mars 2004
- tatt på seg arrangeransvaret for ein regional konferanse for 6 fylke i april 2005. Deltatt på planleggingsmøte med direktoratet i desember 04.

Resultatområde 34: Lærings- og oppvekstmiljø

Prosjektet *fysisk aktivitet og måltid* vart starta opp (samarbeidsprosjekt mellom Utdannings- og sosial- og helsedirektoratet). Handsama søknader, utpeika 7 skular, forvalta prosjektmidlane, informert og hatt ei dagssamling og ei studiereis med skulane i 2004.

Det vart i 2004 bestemt at Utdanningsavdelinga og Helse-, sosial og juridisk avdeling skal inngå eit samarbeid i 2005 der ein prosjektorganiserer eit arbeid som skal munne ut i ein plan for korleis ein internt og eksternt kan arbeide for godt samarbeid mellom barnehage, barnevern, skule og helsestasjon i kommunane.

I 2004 vart det grunna bemanningssituasjonen ikkje gjennomført særskilte tiltak knytt til heim-skulesamarbeid eller mobbeproblematikken.

Resultatområde 35: Samfunnskontakt og samarbeid på regionalt plan

Resultatområde 35.1 Samfunnskontakt

Fylkesmannen opererer særleg på slike faste arenaer:

- Sekretariat for Forum for skule- og barnehageutvikling der ein rådmann utpeika av KS sitt rådmannsutval er leiar. Andre medlemmar er: fire skuleansvarlege frå kvar av regionane, fylkeskommunen, HSF, Utdanningsforbundet
- Saman med KS arrangør av fire 2-dagars samlingar for skule- og barnehageansvarlege frå kommunane
- Saman med dei andre aktørane arrangør av årleg samling for rektorane i heile grunnopplæringa

I tillegg møter utdanningsdirektøren i:

- Forum for kompetanseutvikling som er initiert og leia av fylkeskommunen og der m.a. LO, NHO, KS, HSF, fylkeststrygdesjefen, fylkesarbeidssjefen m.fl. deltek.
- Leiarforum som også er initiert og vert leia av fylkeskommunen og der oppbygging og gjennomføring av Fylkesplan for Sogn og Fjordane er hovudtema

Resultatområde 35.2 Informasjon og rettleiing

Fylkesmannen gjev omfattande rettleiing til skuleeigar og til andre som søker kunnskap om m.a. rettar og plikter. Dei faste arenaene som er nemnde i 35.1 er då viktige. I tillegg kan nemnast:

- Individuell rettleiing til dei som tek kontakt per telefon og e-post. I omfang meir enn 1 årsverk
- Informasjon som vert lagt ut på Fylkesmannen si heimeside eller sendt per post
- Eigne møte med fylkeskommunen
- Møte med einskildkommunar etter behov

Resultatområde 36: Løpende driftsoppgåver

Fylkesmannen utforma i 2004 tre sett rapporteringsskjema for prosjekt som har statlege løyvingar:

- Eitt for bruk på skulane, same skjema for alle prosjekt
- Eitt for kommunane, dette skjemaet famna om alle type prosjekt
- Eitt for dei fire regionane, dette skjemaet famna om alle prosjekt der midlane gjekk via regionsnivået.

Utbetaling av tilskot vart gjort avhengig av rapportering på desse skjemai. Alle rapportar vart lagt ut på fylkesmannen si heimeside – sjå www.fylkesmannen.no/sfj/utdanning - peik på prosjektbasen.

På denne måten er det råd for skuleeigar og fylkesmannen å ha oversyn og sjå dei ulike prosjekta i samanheng med kvarandre. Denne basen gjev og idear til korleis skular/skuleeigarar kan arbeide og det gjev informasjon til dei som ønskjer seg ein samarbeidspart.

Fylkesmannen har elles særleg vore involvert i:

- Har arrangert IKT – konferanse over to dagar
- Formidla informasjon i samband med Operasjon dagsverk
- Samarbeidde med komiteen for veka for vaksnes opplæring om planlegging, gjennomføring og evaluering av veka.
- Delteke i fylket si styringsgruppa for *Den kulturelle skulesekken*, 4 møte, og deltek i arbeidsutvalet. Vore medarrangør av 2 fylkeskurs. Opererer nettstad for dei kommunale planane. Gjort informasjonsarbeid.
- Planlagt gjennomføring av skulekonsertturnear vår og haust for alle skulane i 23 kommunar

Resultatområde 37: Tilskuddsforvaltning og øvrige oppgåver finansiert over fagkapitler

Det er gjeve eigne rapportar på dette.